Mange alpinanlegg har dei seinare åra hatt utfordringar på driftssida. Bakgrunnen for utfordringane er m.a. knytt til snøfattige og milde vintrar. Snøgrensa trekkjer seg oppover, og i løpet av våren skal Vestlandsforsking presentere resultatet av klimaforskning kring alpinanlegg. Kunnskapen er likevel så stor, at ein i større grad må setje krav til m.a. høgdemeter, snøsikker infrastruktur og vasstilhøve for snøproduksjon i framtida.

Av alpinanlegga i Sogn og Fjordane er det fem som har snøproduksjon, og fleire anlegg arbeider stadig med å betre kapasiteten, slik at ein kan produsere enklare og meir effektivt.

I tingperioden har ein også arbeida for å etablere eit felles billetteringssystem for alpinanlegga i fylket. Arbeidet er førebels ikkje sluttført, men arbeidet så langt viser at eit felles billeteringssystem kan gje publikum og alpinsporten eit vesentleg betre skitilbod med omsyn til variasjon og miljøskifte. I dag har ein etablerte billetteringssystem internt i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn, men ein har ikkje eit samarbeid som famnar om heile fylket.



Frå Sparebanken Vest Alpincup i Sogndal Skisenter vinteren 2017.
Foto: Morten Skrede

Alpint er ein relativt dyr fritidsaktivitet, og mykje tyder på at bransjen slit med rekruttering av nye brukarar og besøksfrekvens. I tillegg er drift av alpinanlegg sesongbasert og likviditetssensitivt, med små moglegheiter til å kostnadseffektivt påverke besøksfrekvensen. Fleire lokale alpinanlegg har antyda at dei lokale brukargruppene uteblir frå anlegga. Mangelen på dynamisk prisen og ei tungrodd kundereise kan vere ei årsak til dette. Eit felles billetteringssystem (online) saman med ein tilsvarande dynamisk prising av årskort, kan vere med å skape grunnlag for fleire brukarar rekruttert frå anlegga sine «nærmiljø». Dette kan også vise seg å vere eit viktig bidrag i høve til det pågåande arbeidet innan folkehelse, ved at fleire blir aktive vinterstid.

For alpingruppene og idrettslaga er eit felles billetteringssystem særs aktuelt i høve til trening og arrangement. Dei siste åra har treningssamarbeidet mellom alpingruppene i fylket utvikla seg svært positivt. Det vil vere lettare å trene saman, og leggje til rette for god deltaking på fylkessamlingar om ein har eit «Sogn og Fjordane-Pass». Og ikkje minst vil det vere kostnadsbesparande for alle som deltek på krinsrenn i alpint, kvar helg, rundt om i fylket. Dette vil såleis vere eit viktig bidrag, og eit steg i riktig retning, for å skape ein rimlegare alpinsport. Skal ein framover utvikle skisporten i fylket må ein tenkje samarbeid og nyvinning, også innanfor alpinsektoren.

## 9.3 Hopp
Gode og mindre hoppbakkar er den største utfordringa for hoppsporten på anleggsida, i tillegg til plastlegging. Dette gjeld særleg bakkar opp til K-40. Framover ser ein at arbeidet med å utvikle sentrumsnære rekrutteringsanlegg i plast må forsterkast.

## 9.4 Spelemidlar til prepareringsutstyr for langrenn
I 2013 offentleggjorde  Kulturdepartementet at det vert opna for å kunne søkje om spelemidlar til utstyr for preparering av langrennsløyper. Idrettslaga får dermed betre moglegheiter til å anskaffe naudsynt utstyr. Gjennom ordninga kan det søkjast om 1/3 av kostnaden, og maksimalt tilskot pr. maskin er kr. 300 000,-

I 2015 og 2016 har følgjande idrettslag i Sogn og Fjordane fått midlar gjennom ordninga:

- 2016: Fjellhug-/ Vereide IL, kr. 300 000,-
- 2016: Sogndal IL, kr. 200 000,-
- 2015: Dale IL, kr. 300 000,-
- 2015: Jølster IL, kr. 217 000,-

## 9.5 Kartlegging av tilgjenglegheit og universell utforming av friluftsområde i Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane fylkeskommune har i tingperioden gjennomført ei kartlegging av universell utforming og tilrettelegging av friluftsområde i fylket. Arbeidet har m.a. teke sikte på å kartlegge parkeringsplassar ved skisenter og/ eller ski-utfartsområder. Denne delen av fylkeskommunen sitt prosjekt er gjennomført i samarbeid med Sogn og Fjordane Skikrins.

Effektmålet til prosjektet har m.a. vore å styrke skisentera sin kompetanse og tenking knytt til universell utforming for personar med nedsett funksjonshemming.

I tingperioden har fylkeskommunen saman med representant frå skikrinsen, respektiv kommune og anleggseigar gjennomført kartlegging i følgjande skisenter:

- Balestrand kommune, Saurdalen skisenter
- Eid kommune, Tua fellesanlegg
- Fjaler kommune, Norddalen skisenter
- Førde kommune, Sunnfjord skisenter
- Gaular kommune, Langeland ski- og fritidssenter
- Gaular kommune, Hoffslåttene skileikanlegg
- Gloppen kommune, Kleivane skisenter
- Gloppen kommune, Breimsbygda skisenter
- Hornindal kommune, Hornindal skisenter
- Høyanger kommune, Siplo skisenter
- Jølster kommune, Jølster skisenter
- Leikanger kommine, Kleppa skisenter
- Luster kommune, Sogn skisenter
- Sogndal kommune, Sogndal skisenter
- Stryn kommune, Ullsheim skisenter
- Stryn kommune, Stryn skisenter
- Stryn kommune, Stryn sommarskisenter
- Vik kommune, Vik skisenter
- Årdal kommune, Seimsåsen aktivitetssenter

Kartlegginga har avdekka at det er få anlegg som er godt tilrettelagt for universell utforming. Nokre anlegg har noko universell utforming, men dei fleste har ikkje ein gjennomtenkt plan for dette. Årsaka kan vere mange. Det kan vere manglande kunnskap, for lite informasjon frå statlege myndigheiter osv. Kartlegginga har også avdekka at det som oftast er små endringar som skal til for å gjere anlegga unviverselt utforma. Mange anlegg har stort potensiale for å bli universelt utforma.

Ved å gjere små endringar som merking av HC-parkering, flate ut tilkomst til anlegg, få vekk tersklar til bygg samt tilpasse toalettanlegg, vil anlegga i større grad bli tilgjengelege for alle.



Å legge til rette for universelt utforma skianlegg er ei viktig oppgåve for idretten.
Her frå Langeland Skisenter i Gaular kommune.
Foto: NRK Sogn og Fjordane.

Kartlegging av skianlegg utanom vintersesongen gjev eit dårleg bilete av korleis anlegga fungerar i den sesongen det er tenkt for. Mykje endrar seg når snøen har lagt seg, og kartlegginga avdekka m.a. at delar anlegga kan gjerast meir tilgjengeleg ved at dei som brøyter/ preparerar anlegga, må tenkje på at dei ikkje må lage for bratte overgangar mellom parkering- og utfartsområde.

### 9.6 Møter/synfaringar

Det er gjennomført to møter i anleggskomiteen i tingperioden.

Elles har ein vore på synfaring og gjennomført møte med fylkeskommune, kommunar og anleggseigarar i samband med utvikling av skianlegg:

- Anleggsseminar (saman med fylkeskommunen), 09. juni 2016
- Balestrand kommune, Saurdalen skisenter
- Eid kommune, Tua fellesanlegg
- Fjaler kommune, Norddalen skisenter
- Førde kommune, Sunnfjord skisenter
- Gaular kommune, Langeland ski- og fritidssenter
- Gaular kommune, Hoffslåttene skileikanlegg
- Gloppen kommune, Kleivane skisenter
- Gloppen kommune, Breimsbygda skisenter
- Hornindal kommune, Hornindal skisenter
- Høyanger kommune, Siplo skisenter
- Jølster kommune, Jølster skisenter
- Leikanger kommine, Kleppa skisenter
- Luster kommune, Sogn skisenter
- Sogndal kommune, Sogndal skisenter
- Stryn kommune, Ullsheim skisenter
- Stryn kommune, Stryn skisenter
- Stryn kommune, Stryn sommarskisenter
- Vik kommune, Vik skisenter
- Årdal kommune, Seimsåsen aktivitetssenter

# 10. UTDANNING- OG UTVIKLINGSKOMITEEN

**Komiteen har hatt desse medlemane:**

| | | |
|---|---|---|
| Leiar | Finn Årdal | |
| Medlem | Torunn Grut | Langrenn |
| Medlem | Lars Brekke | Hopp/kombinert |
| Medlem | Hege Venes | Alpint |

Medlemane i utvalet har samarbeida med administrasjonen om tiltak som er skissert i strategiplanen til Sogn og Fjordane Skikrins.

## 10.1 Ski i Skulen

Prosjektet Ski i Skulen starta opp vinteren 2010 og er vidareført i 2011, 2012, 2013, 2014, 2015, 2016 og 2017.

Målsetjinga med prosjektet er å:

- skape ei god skiopplæring i grunnskulen, der skiglede i snø er eit sentralt moment
- bidra til auka fysisk aktivitet blant born og ungdom gjennom aktivitet vinterstid

I 2016 er prosjektet gjennomført ved følgjande skular:

| Skule | Tal elevar |
|---|---|
| Gaupne skule | 30 |
| Flatbygdi skule | 35 |
| Breim Skule | 45 |
| Flatene skule | 55 |
| Tonning skule | 50 |
| Nordfjordeid skule | 50 |
| Trudvang skule | 58 |
| Leikanger Barneskule | 68 |
| Sunde Barneskule | 25 |
| Haugen skule | 34 |
| Sagatun skule | 25 |
| Dingemoen skule | 26 |
| Flekke Skule | 12 |

I 2017 er prosjektet gjennomført ved følgjande skular:

| Skule | Tal elevar |
|---|---|
| Flatbygdi skule | 30 |
| Gaupne skule | 33 |
| Sunde skule | 27 |
| Breim skule | 41 |
| Flatene skule | 58 |
| Tonning skule | 52 |
| Trudvang skule | 64 |
| Førde barneskule | 37 |
| Leikanger barneskule | 31 |
| Nordfjordeid skule | 44 |

Samla har nærare 850 elevar på (hovudsakleg frå mellomsteget) teke del i prosjektet i 2016 og 2017.

Ved kvar skule er det gjennomført seks økter à to timar på ski frå januar til mars, og innhaldet i undervisninga har i stor grad vore leikprega og relatert til langrenn. Ved fleire skular har ein også gjennomført alpinøkter. Gjennom prosjektet har skikrinsen dekka skulane sine kostnader med busstransport til og frå skianlegga, i tillegg til timeløn for trenarar frå skikrinsen/ idrettslaga.

Prosjektet er finansiert gjennom støtte frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Sparebankstiftinga, Norges Skiforbund samt avsette ressursar frå Sogn og Fjordane Skikrins.

I tillegg er dei lokale idrettslaga svært viktige bidragsytarar, då dei stiller med lokale trenar-/instruktørkrefter.

Skikrinsen har i tingperioden hatt ein utviklingsavtale med Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Avtalen mellom skikrinsen og fylkeskommunen er ein viktig del av det pågåande folkehelsearbeidet i fylket knytt opp mot gjeldande regional politikk og strategiar bestemt av fylkestinget. Føremålet med avtalen er å styrke tilbodet om fysisk aktivitet til elevane som deltek i prosjektet, og gje dei positive opplevingar, skiglede og dugleik som dei kan ta med seg inn i vaksenlivet. Fylkeskommunen ser det som spesielt viktig at prosjektet vert gjennomført i skuleverket, som gjev tilbodet til alle elevane uavhengig av foreldra sin sosioøkonomiske status. Prosjektet kan difor bidra til å jamne ut sosiale skilnader innan helse.



Bilete frå Ski i Skulen ved Ullsheim Skisenter vinteren 2017.

## 10.2 Utdanningsstatistikk

| 2015 | TAL | TAL DELTAKARAR | | | STUD. | ELEV |
|---|---|---|---|---|---|---|
| KURSTYPE | KURS | MENN | KVINNER | I ALT | TIMAR | TIMAR |
| Trenar I Alpint | 6 | 38 | 45 | 83 | 125 | 1734 |
| Trenar I Telemark | 5 | 32 | 37 | 69 | 80 | 1104 |
| Trenar I Langrenn | 1 | 3 | 1 | 4 | 45 | 180 |
| Trenar II Langrenn | 1 | 14 | 10 | 24 | 75 | 1800 |
| **Sum** | **13** | **87** | **93** | **180** | **325** | **4818** |

| 2016 | TAL | TAL DELTAKARAR | | | STUD. | ELEV |
|---|---|---|---|---|---|---|
| KURSTYPE | KURS | MENN | KVINNER | I ALT | TIMAR | TIMAR |
| Trenar I Langrenn | 1 | 10 | 9 | 19 | 45 | 855 |
| Trenar II Langrenn | 1 | 10 | 2 | 12 | 75 | 900 |
| Trenar I Telemark | 1 | 40 | 25 | 65 | 16 | 1040 |
| Trenar I Alpnt | 1 | 30 | 20 | 50 | 16 | 800 |
| TD1 Langrenn | 1 | 6 | 0 | 6 | 8 | 48 |
| Krinsdommar Hopp | 1 | 3 | 1 | 4 | 20 | 80 |
| Smørekurs Langrenn | 1 | 9 | 0 | 9 | 4 | 36 |
| Plankurs | 8 | 138 | 27 | 165 | 4 | 660 |
| **Sum** | **15** | **246** | **84** | **330** | **260** | **4419** |

Kurs i 2017 kjem med i neste årsmelding.

### 10.3 Telenor Karusellen

Sesongane 2016 og 2017 er nærare 5000 born aktivisert gjennom Telenor Karusellen i Sogn og Fjordane. Kvar sesong har kring 20 idrettslag vore arrangørar av karusellen.

## 11 TELEMARK/RANDONÈ

### 11.1 Telemark

Det er eit svært aktivt telemarkmiljø i Sogn, med m.a. Syril IL og Luster Telemarkklubb i spissen. Miljøet i Sogn har lukkast med å etablere eit godt utviklingsmiljø for unge utøvarar, og miljøet har fått fram utøvarar som hevdar seg godt nasjonalt og internasjonalt.

Blant dei fremste utøvarane kan ein nemne Sarah F. Haugen (Luster Telemarkklubb) og Øyvind Vagstad (Syril IL). Begge desse utøvarane har hevda seg godt nasjonalt i tingperioden.

Det er ikkje berre på utøvarsida at dette miljøet markerar seg. Luster Telemarkklubb og Syril IL har også jamnleg vore arrangør av større nasjonale arrangement.

### 11.2 Randonè

Randonèe er ein skiaktivitet som etter Skitinget på Voss i 2010 vart underlagt Norges Skiforbund. I Sogn og Fjordane er det skapt miljø for denne aktiviteten fleire stader i fylket. I 2017 vart norgesmeisterskapen i randonèe avvikla i samband med Stryn Rando 3000. Eit nytt arrangement som såg dagens lys i 2016.



Sindre Hoff (Førde IL) i flott driv.
Foto: NRK Sogn og Fjordane

Skikrinsen har også engasjert seg for å få etablert eit utval for telemark- og randonèe, og i samband med Skikrinstinget 17. juni skal det formelt veljast ein komitè for nemnde idrettar.

Av lokale utøvarar som hevdar seg godt nasjonalt kan ein nemne Malene Blikken Haukøy (IL Høyang) og Sindre Hoff (Gaular IL). Begge har vore på landslaget i randonèe i tingperioden, og begge har også representert Norge i internasjonale meisterskap.

# 12 INTEGRERING

## 12.1 Generelt

Det er forholdsvis få funksjonshemma utøvarar i Sogn og Fjordane. Lange og tidkrevjande reiseavstandar gjer det utfordrande å samle fleire funksjonshemma til felles skiaktivitet. Funksjonshemma, og spesielt dei yngste, er avhengige av tilbod frå det lokale laget, gjerne med faste veketilbod med skiaktivitet gjennom skigruppene. Dette vil også føre til ein betre sosial integrering.

Skikrinsen har i tingperioden hatt større fokus på tilrettelegging av aktivitet for funksjonshemma, og skikrinsen samarbeidar aktivt med NAV Hjelpemiddelsentralen.

Asle Sande (Førde IL/NAV Hjelpemiddelsentralen) er nettverkskontakt innan integrering i skikrinsen. Asle har i tingperioden delteke på nettverksamlingar i regi av Norges Skiforbund, i tillegg har Asle Sande delteke på møter i Skikrinsstyret der integreringsarbeidet har vore tema.

Det er vidare gjennomført ei omfattande kartlegging av tilgjenglegheit og universell utofrming av friluftsområde i Sogn og Fjordane (sjå kap. 9.5 for nærare informasjon).

## 12.2 Aktivitet

Skikrinsen har i 2016 og 2017 gjennomført tre ski- og snøsamlingar for funksjonshemma,

| **Stad** | **Tidspunkt** |
|---|---|
| Breimsbygda Skisenter | 10. februar 2016 |
| Sogn  Skisenter | 11. februar 2016 |
| Sogn Skisenter | 14. februar 2017 |

Tiltaka er avvikla i samarbeid med NAV Hjelpemiddelsentralen. Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogndal kommune har også vore samarbeidspartar når det gjeld tiltaka ved Sogn Skisenter.

Vidare har ein gjennom terminlista til skikrinsen lagt til rette for opne klassar for funksjonshemma i samband med krinsrenn.

# 13 SLUTTORD

I år som tidlegare, kan vi starte sluttordet med at vi kan sjå tilbake på to gode og framgangsrike år for Sogn og Fjordane Skikrins. Vi er med både nasjonalt og internasjonalt og vi er med lokalt, mellom anna gjennom prosjektet «Ski i skulen». Eit samarbeidsprosjekt med fylkeskommunen og Sparebankstiftinga som vert lagt merke til også i Skiforbundet og andre skikrinsar. Dette er også eit viktig prosjekt med tanke på at skisporten er ein viktig del av folkehelsarbeidet.

Aktiviteten vert omtala i greinrapportane, men eg vil likevel nemne nokre toppar. Vi slit med breidda i hopp, men Anders Fannemel (Hornindal IL) er framleis i verdseliten og var med å sikre laggull sist vinter.

I kombinert er unguten Eskil Kveen (Markane IL) eit gryande talent.

Gjøran Tefre (Førde IL), Jon Rolf Skamo Hope (Hyen IL) og Erlend Henjesand (Syril IL) markerer seg alle i langrennstoppen. Tefre vart vinnar av norgescupen for U23 i 2017, medan Hope tok gull i Junior VM i stafett, samt to gull medaljar i Junior NM i 2017. Syril-løparen Erlend Henjesand tok bronse i Junior NM i sprint same vinter.

Eg ynskjer også å trekke fram Førde IL som var nær ved å ta medalje i lagsprinten under NM i langrenn i 2017. Gjøran Tefre og Torstein Bu enda til slutt som nummer fem, ca. 2,5 sekund bak sølvmedaljen.

I alpint arbeider ein svært godt med mange felles utviklingstiltak på tvers av klubbgrensene, likevel har ein utfordringar m.o.t. rekruttering. Det er såleis kjekt å sjå at alpinistar som Åge Solheim (Haugen IL) og Andrine Mårstøl (Haugen IL) begge er i norgestoppen.

Vi har bak oss to år med den nye region satsinga i langrenn (Team Veidekke Vest). Kanskje ikkje den store effekten som var venta, men det er noko å bygge vidare på spesielt med Gjøran Tefre (Førde IL) på laget.

I tillegg til dei tradisjonelle greinene har vi topputøvarar i Randonee/Telemark der Malene Blikken Haukøy (IL Høyang) og Sindre Hoff (Førde IL) begge er på landslaget.
Dersom alt går etter planen på tinget vil også desse utøvarane bli ein del av «skifamilien», og det er viktig spesielt med tanke at dette er disiplinar i framgang som har appell både for unge utøvar og for utøvarar som trappar ned i andre greiner.

Vi tek også med at Roar Hjelmeset og Sjur Ole Svarstad styrer elitelaget i langrenn for damer.

Det er også gledeleg at vi har fått funksjonshemma med på ulike arrangement, og vi har klar prioritet både på arbeidet med funksjonshemma og for å legge til rette for våre nye landsmenn sjølv om dei ikkje er fødde med ski på beina.

Ved tusenårsskiftet stod vi med raude tal i rekneskapen, men gjennom nøysemd, god økonomisk styring og velvillige sponsorar har vi i dag ein «buffer» på vel ein million. Det kan høyrest mykje ut, men det er viktig når vi veit at skikrinsen etter kvart har blitt ei stor verksemd med ei årsomsetning som aukar jamt og trutt mot fire millionar.

Idrettsarbeid er også politikk. Vi skal vedta nytt handlingsprogram på dette tinget. Eit program som vil bli eit godt arbeidsprogram både for lag, krins og forbund etter kvart som vi får sett det ut i livet.

I førre årsmelding sa vi oss leie for at idrettslinja i Stryn som var stor produsent av topp skiskyttarar og også langrennsløparar, vart lagt ned. No kan vi gle oss over landslinje i skiskyting i Stryn. Ei line som etter kvart også kan opne dørene for langrenn. Det er ei line for heile landet, men ho kan likevel vere med å stogge litt av «flukta» til andre landsdeler og bli ein miljøfaktor lokalt.

Det er viktig at fylkespolitikarane til ei kvar tid har forståing for kor viktig det er å legge til rette for idrettsungdom i eige fylke, slik vi har det mellom anna gjennom kompetansemiljøet i Sogndal.

Utøvarane har heldigvis vore trufaste mot «moderklubbane» sjølv om fleire har reist ut, men det er ikkje nok at politikarane stiller opp og solar seg i glansen av stor prestasjonar. Dei må vise forståing for at ingen ting kjem av seg sjølv.

Sist vinter baud på mange problem på grunn av snømangel og flytting av arrangement. Vi berga mykje gjennom Hodlekve, alpinanlegget til Jølster og ikkje minst Ullsheim som til tider var arena både for eige fylke og Møre og Romsdal.

Takk til eldsjelene på dei ulike arenaer og ikkje minst takk til administrasjonssjefen som brukte mykje tid på få alle brikker på plass slik at vi kunne ha arrangement stort sett etter terminlista sjølv om vi måtte skifte plass.
Årsmelding er resultat og økonomi, men det er også tid for å takke. Takk til sponsorar og alle som legg ned eit stort arbeid for skiidretten i fylket. Den frivillige innsatsen er heilt avgjerande for arbeidet vårt.

Det dei færraste veit er at det er eit jubileumsår. «Gamle» Sogn og Fjordane Skikrins vart skipa i 1923, men i 1937 vart det skilsmisse. Kommunikasjonane vart for vanskelege. Det vart i staden Sogn Skikrins og Fjordane Skikrins. No er vi samla igjen, og det store spørsmålet er kor lenge desse grensene vil stå seg. Vi har vore gjennom eitt basketak for å halde på fylkesgrensene. Det store spørsmålet er grensene dersom Hordaland og Sogn og Fjordane vert ein region.

For Idrettskrinsen som har lite med den aktive idretten å gjere, vil det kanskje ikkje få så mykje å seie. For skidretten kan det skape problem, spesielt for yngre årsklassar.
Det er kanskje negativt på slutten av ein lang periode som leiar å setje dette på dagsorden når ein er ferd med å setje punktum. Det er likevel grunn til å minne om at vi veit kva vi har. Vi veit ikkje kva vi får. Vi har ein god, solid organisasjon. Eit godt miljø der det frivillige er sjølve krumtappen. Det vil alltid vere tid for endringar, men det er grunn til å trø varsamt.

Eg vil avslutte denne årsmeldinga med å rette ei stor takk til dei som eg har hatt med i styret. Ikkje berre denne bolken, men i mange bolkar gjennom 17 år.

Ei spesiell takk til Yngve som administrasjonssjef. Han gjer ein utruleg jobb som vert lagt merke til. Ikkje berre i eigen krins, men i heile Ski-Norge. Det er også bakgrunnen for at Skiforbundet ynskjer å dra store vekslar på kunnskapane hans.

For meg har leiarvervet etter kvart blitt ein livsstil, og eg har vore utruleg heldig som har hatt Yngve og før han også Anders Felde i adminstrasjonen  i tillegg til styremedlemane som kvar på sin plass har gjort ein kjempejobb for skiidretten i fylket.  Signalet til NSF er at utan administrasjonssjefane stoppar Ski-Norge.

Inge Fænn (s)
Leiar




Frå Holmøyskarrennet 2017. Nye og gamle skistjerner.
F.v.: Gjøran Tefre (Førde IL), Per Knut Åland (Hornindal IL) og Jon Rolf S. Hope (Hyen IL).
Foto: Sogn og Fjordane Skikrins

# ÅRSMELDING LANGRENNSKOMITEEN 2015-2017

| | | |
|---|---|---|
| Leiar | Arthur Hegrenes | Førde IL |
| Konst.leiar | Oddmund Lefdal | IL Bjørn |
| Medlem | Torunn Grut | Syril |
| Medlem | Liv Kr. E. Rauset | Fjellhug-Vereide |
| Medlem | Torunn Grut | Syril IL |
| Medlem | Åsa Lerum | Førde IL |

Langrennskomiteen (LK) har avvikla Vår- og Haustmøter etter oppsatt plan, og også i denne perioden har desse møta vore ein viktig møtestad for langrennssporten i fylket.

Det er i perioden avvikla 10 møter i komiteen (inkl. Vår og Haustmøter), og leiar er representert i Skikrinsstyret. Oddmund Lefdal har fungert som leiar for komiteen i 2017 då Arthur Hegrenes såg seg nøydd for å trekke seg frå komiteen.

Leiar har delteke på Norges Skiforbund (NSF) sine Vår- og Haustmøter.

**Breddeidrett**
Mange lag arrangerar eigne cupar og kveldsrenn med god deltaking. Desse cupane er ein viktig innfallsport til langrennssporten for mange born i fylket vårt. Vi ser likevel at fleire lag kunne vore aktive i samband med terminfesta renn, og det ser ut for at trenden når det gjeld deltaking på krinsrenn er noko nedgåande.

Ein dårleg snøvinter i sesongen 2016-2017 førte til store utfordringar for fleire lag i fylket vårt. Utfordringane knytta seg i stor grad til gjennomføring av trening og arrangement.

Skikrinsen har sidan 2009 gjennomført prosjektet Ski i Skulen. Målsetjinga med prosjektet er å skape ei god skiopplæring i grunnskulen, der skiglede i snø er eit sentralt moment. Samt bidra til auka fysisk aktivitet blant born og ungdom gjennom aktivitet vinterstid. Samla har nærare 850 elevar på (hovudsakleg frå mellomsteget) teke del i prosjektet i 2016 og 2017.

Vidare har komiteen samarbeida med Sognefjellet Sommarkisenter og Fanaråk IL m.o.t. vidareføring av Sognefjellet Sommarskiskule.

At det elles vert arbeida godt i fleire klubbmiljø er Førde IL er synleg bevis på. I samband med Norges Skiforbund sitt Haustmøte i 2016, vart Førde IL kåra til Årets Langrennsklubb.




Frå SSF Cup Finale 2017.

**Toppidrett**
Langrennskomiteen har fortsett satsinga på krinslaga i langrenn. I tillegg har vi løparar som er uttekne til Team Veidekke Vest.

I 2016/17 sesongen vidareførte ein opplegget kring satsingsgruppa. Målet med denne er å skape gode vilkår for ei seniorsatsing i langrenn i Sogn og Fjordane, og ikkje minst legge dei sportslege tilhøva til rette ved overgangen frå junior til senior.

Satsingsgruppa følgjer dei ordinære samlingane til krinslaget, men utøvarane har i tillegg fått tilbod om samling på Mallorca. Dvs. at denne gruppa med løparar har nærare 50 samlingsdøgn i perioden mai-desember.

Tilbodet er under evaluering og ein ser føre seg ei endring inn mot sesongen 2017-2018.

Tilbodet om krinslaget og impulslaget er vidareført med høvesvis ca. 35 og 10 samlingsdøgn. Intensjonen med impulslaget er å samle utøvarar i 16-årsklassa til felles trening. Vidare er det viktig at ein arbeidar aktivt for å halde på langrennsungdomen i fylket. Difor ser komiteen det som viktig at denne aldersgruppa (impulslaget) får moglegheit til å hospitere på krinslaget.

Tal løparar på krinslaga har vore stabilt i tingperioden.

Dei sportslege resultata har vore gode i perioden, og fleire utøvarar frå fylket hevdar seg godt i nasjonale arrangement og meisterskap. Blant dei fremste og mest lovande utøvarane kan ein m.a. trekke fram Gjøran Tefre (Førde IL), Torstein Bu (Førde IL) Jon Rolf Skamo Hope (Hyen IL), Vetle U Hammersvik (Førde IL), Andreas Hetle (Breimsbygda IL), Erlend Henjesand (Syril), Synneva Iren Kvile (Førde IL) og Bertine T. Lefdal (IL Bjørn).

På jentesida er det få utøvarar i juniorklassane. Årsaka til det er nok samansett, men det ser ut for at rekrutteringa på jentesida er god i aldersbestemte klassar.
Vidare har ein ei utfordring i høve til å vare på desse. Komiteen meiner eit verkemiddel kan vere å rekruttere fleire kvinnlege trenarar til aktivitet i klubb og krets.

Simen Bække, Asgeir Årdal, Olaug Grut Andersen og Sindre Hoff har fungert som trenarar på krinslaga i perioden.

I tillegg til eit godt trenarapparat har fleire foreldre bidrege i støtteapparatet ifbm. nasjonale renn og meisterskap.

Team Veidekke Vest er eit samarbeidsprosjekt mellom skikrinsane i Agder/Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane samt Norges Skiforbund. Team Veidekke Vest er ei spissa langrennssatsing (på seniornivå) for dei beste og mest lovande langrennsutøvarane frå desse fylka. Laget sine utøvarar skal ha ambisjonar om, og potensial til å bli OL- og VM deltakarar for Norge. Team Veidekke Vest sitt mål er å levere løparar til skiforbundet sine landslag, og å utvikle trenarar/støtteapparat/skileiarar til nasjonalt og internasjonalt nivå.

Teamet har status som regionlag under Norges Skiforbund, og har dermed ein formell posisjon under skiforbundet si satsing for å rekruttere framtidige eliteutøvarar.

Teamet vert styrt av ei styringsgruppe beståande av langrennskomitèleiarane i dei respektive kretsane, i tillegg til ein representant frå skiforbundet.

Følgjande utøvarar frå Sogn og Fjordane har vore ein del av Team Veidekke Vest i perioden:
- Sesongen 2015-2016: Trygve Henden Gaasø( Fj./ Vereide IL), Gjøran Tefre (Førde IL) og Torstein Bu (Førde IL).
- Sesongen 2016-2017: Torstein Bu (Førde IL)
- Sesongen 2017-2018: Torstein Bu (Førde IL) og Gjøran Tefre (Førde IL)

## Arrangement

Arrangementa er vårt utstillingsvindauge og er eit mål og virkemiddel i seg sjølv. Dei siste vintrane har vore milde med lite snø i skianegga våre. Fleire anlegg er i ferd med å skaffe seg utstyr for snøproduksjon, men dette kan på ingen måte kompensere for bortfall av natursnø. Lite snø betyr mykje flytting av arrangement, samt mindre deltaking på krinsrenn.

Sjølv om vi har hatt store utfordringar har vi klart å gjennomføra alle dei viktigaste renna som KM, SSF-cup osv.

Kvaliteten på arrangementa er dei fleste plassar god, men ein har fortsatt generelle utfordringar knytt til grunnpreparering av løyper.

## Anlegg

Det er lite behov for nye langrennsanlegg i Sogn og Fjordane, då anleggsdekninga er relativt god. Utfordringa ligg i høve til rehabilitering/utbetring av eksisterande anlegg. Her tenkjer ein først og fremst på utbetring av trasèar (planering, løypeprofilar, breidde osv.), stadionområde samt etablering av fleire rulleskiløyper i fylket.

I september/ oktober 2017 er det venta at det nye rulleskianlegget på Langeland står klart, og det er planar for tilsvarande anlegg ved Sogn Skisenter og Sogndal Skisenter. Frå før har ein rulleskianlegg i Stryn (Ullsheim) og Vik.

Trening på rulleski er ei svært viktig treningsform for langrennsløparar, og rulleski dekkjer mykje av den spesifikke treninga for langrennsløparar i sommarhalvåret. I tillegg er organisert rulleskitrening eit godt miljøtiltak, når ein tenkjer på at utøvarane kan møtast også i sommarhalvåret til spesifikk langrennstrening.

Denne aktiviteten bør i framtida ikkje føregå på trafikkert veg, og særskilt gjeld det born og ungdom. Når ein no ynskjer fleire utbyggingar av rulleskibaner, er det først og fremst av omsyn til trafikktryggleiken, og eit ynskje om å skape fleire komplette heilårsanlegg for skisporten.

Med dette som bakgrunn har komiteen engasjert seg relativt tungt for å arbeide fram planar om bygging av rulleskianlegg i fylket.



Produksjon av kunstsnø er krevjande arbeid. Her frå Langeland Skisenter vinteren 2016.

## Kompetanseutvikling

Kompetanse blir stadig viktigare for å sikre god breidde- og toppidrett. Kompetanseutvikling omfattar utdanningstiltak for å heve kompetansen til dei frivillige i klubb og krins. I perioden har komiteen lagt til rette for Trenar I og II kurs i langrenn, samt arrangør- og TD kurs. Samla har det vore god deltaking på skikrinsen sine tiltak innanfor dette innsatsområde.

Utdanningsstatistikken finn ein i utdanning- og utviklingskomiteen si årsmelding.

**Økonomiske rammevilkår**
Dei økonomiske rammevilkåra er dei samla inntektene til komiteen. Komiteen sine inntekter er i hovudsak markedsinntekter, kontingentar, lisensar, rennavgifter og ulike typar tilskot.

Sparebanken Sogn og Fjordane er langrennskomiteen sin hovudsponsor, og såleis ein svært viktig faktor for at komiteen har klart å halde oppe eit godt aktivitetsnivå. Vidare har ByggTeam AS, Sogn og Fjordane Energi (SFE) og G-Sport/ Erdal Sport AS vore viktige økonomiske bidragsytarar i tingperioden.

Langrennskomiteen har i tingperioden levert økonomiske resultat nærast i balanse, noko som m.a. skyldast eit godt samarbeid med næringslivet samt gode økonomiske rutinar.

**Informasjon og kommunikasjon**
Den daglege informasjonen om langrennsaktiviteten i fylket vert kommunisert gjennom Sogn og Fjordane Skikrins sine nettsider; www.skikrinsen.no

Skikrinsen brukar også eiga facebook side som eit supplement til www.skikrinsen.no

Terminlista blir lagt fram og drøfta på Vårmøte, før den vert sendt til høyring i laga. Til slutt har terminlista blitt handsama i samband med det årlege haustmøte.

Takk til Sparebanken Sogn og Fjordane, ByggTeam AS, SFE og G-Sport/Erdal Sport AS for godt samarbeid. Ein stor takk også til alle frivillige som har bidrege til langrennssporten i perioden. Det er dykkar innsats og engasjement som som gjer det mogleg å bringe langrennssporten framover.

Oddmund Lefdal (s)
Konst. leiar LK



Syril IL stilte lag i NM stafetten (senior) på Lygna vinteren 2017.
F.v.: Andreas Mjelstad, Erlend Henjesand og Edvard Grut Andersen.

# RESULTAT SESONGEN 2016

## Senior-NM 2016

### Herrar, 15 km klassisk

| | |
|---|---|
| Nr. 26 | Torstein Bu, Førde IL |

### Kvinner, 10 km klassisk

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

### Herrar, sprint friteknikk

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

### Kvinner, sprint friteknikk

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

### Herrar, 30 km skiathlon

| | |
|---|---|
| Nr. 37 | Torstein Bu, Førde IL |

### Kvinner, 15 km skiathlon

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

### Herrar, stafett 3x10 km

Ingen lag frå Sogn og Fjordane

### Kvinner, stafett 3x5 km

Ingen lag frå Sogn og Fjordane

### Herrar, lagsprint

| | |
|---|---|
| Nr. 17 | Førde IL (Gjøran Tefre og Torstein Bu) |

### Kvinner, lagsprint

Ingen lag frå Sogn og Fjordane

### Herrar, 10 km friteknikk (junior og senior)

| | |
|---|---|
| Nr. 21 | Gjøran Tefre, Førde IL |
| Nr. 103 | Jon Rolf S. Hope, Hyen IL |
| Nr. 152 | Vetle Uhre Hammersvik, Førde IL |
| Nr. 189 | Andreas Hetle, Breimsbygda IL |
| Nr. 211 | Oddne H. Munkvold, Førde IL |
| Nr. 248 | Brage Burø Sunde, Førde IL |
| Nr. 271 | Torstein Bu, Førde IL |
| Nr. 300 | Erlend Henjesand, Syril IL |
| DNF | Edvard Grut Andersen, Syril IL |
| DNS | Eirik Hovland, Årdalstangen IL |
| DNS | Hallvard S. Evjestad |

### Kvinner, 5 km friteknikkk (junior og senior)

| | |
|---|---|
| Nr. 85 | Inga Kårstad Skaar, Førde IL |
| Nr. 102 | Bertine T. Lefdal, IL Bjørn |
| Nr. 169 | Marte Erfjord, Hafslo IL |

### Herrar, 50 km friteknikk

| | |
|---|---|
| Nr. 14 | Gjøran Tefre, Førde IL |
| Nr. 107 | Mats Bjørnar Leirdal, IL Bjørn |
| DNF | Oddne H. Munkvold, Førde IL |
| DNS | Hallvard S. Evjestad, IL Bjørn |
| DNS | Torstein Bu, Førde IL |
| DNS | Eirik Hovland, Årdalstangen IL |

**Kvinner, 30 km friteknikk**

| | |
|---|---|
| DNF | Marte Erfjord, Hafslo IL |

## Junior-NM 2016

### Klassisk

**Kvinner 17 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 13 | Inga Kårstad Skaar, Førde IL |

**Kvinner 18 år**

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

**Kvinner 19-20 år**

| | |
|---|---|
| DNS | Bertine T. Lefdal, IL Bjørn |
| DNS | Karoline Erdal, Førde IL |

**Herrar 17 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 6 | Andreas Hetle, Breimsbygda IL |
| Nr. 19 | Brage Burø Sunde, Førde IL |
| Nr. 65 | Vetle Uhre Hammersvik, Førde IL |
| Nr. 102 | Erlend Henjesand, Syril IL |
| Nr. 133 | Nicolai Larssen Hunvik, Eid IL |
| Nr. 134 | Torstein Bolstad Blikra, Gaular IL |
| Nr. 153 | Andreas Mjelstad, Syril IL |
| Nr. 211 | Eirik Nordeide Berg, Førde IL |
| DNS | Aksel Mathias Meland, Markane IL |
| DNS | Mathias Navelsaker, Eid IL |
| DNS | Oskar Fjelldal, Eid IL |

**Herrar 18 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 40 | Jon Rolf Skamo Hope, Hyen IL |
| Nr. 117 | Andreas B. Fugle, Førde IL |
| Nr. 141 | Kristian Haugen, IL Bjørn |

**Herrar 19-20 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 19 | Edvard Grut Andersen, Syril IL |
| Nr. 54 | Andreas Rauseth, Fj./ Vereide IL |
| Nr. 114 | Sivert Fodnes, Årdalstangen IL |
| Nr. 124 | Vegard S. Hegrenes, Førde IL |
| DNF | Adrian Helgheim, Førde IL |

### Friteknikk

**Kvinner 17 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 5 | Sigrid Flo Bødal, Stårheim IL |
| Nr. 9 | Inga Kårstad Skaar, Førde IL |

**Kvinner 18 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 80 | Elise Skeide Bakke, Eid IL |

**Kvinner 19-20 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 23 | Karoline Erdal, Førde IL |
| Nr. 30 | Bertine T. Lefdal, IL Bjørn |

**Herrar 17 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 6 | Andreas Hetle, Breimsbygda IL |
| Nr. 23 | Brage Burø Sunde, Førde IL |
| Nr. 24 | Vetle Uhre Hammersvik, Førde IL |

| | |
|---|---|
| Nr. 53 | Erlend Henjesand, Syril IL |
| Nr. 57 | Nikolai L. Hunvik, Eid IL |
| Nr. 176 | Eirik N. Berg, Førde IL |
| Nr. 186 | Torstein B. Blikra, Førde IL |
| Nr. 204 | Andreas Mjelstad, Syril IL |
| DNS | Aksel M. Meland, Markane IL |
| DNS | Mathias Navelsaker, Eid IL |
| DNS | Oskar Fjelldal, Eid IL |

**Herrar 18 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 11 | Jon Rolf S. Hope, Hyen IL |
| Nr. 73 | Erlend Bakken, IL Veten |
| Nr. 90 | Isak Hopland, Hardbagg IL |
| Nr. 137 | Andreas B. Fugle, Førde IL |
| Nr. 163 | Kristian Haugen, IL Bjørn |

**Herrar 19-20 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 42 | Edvard Grut Andersen, Syril IL |
| Nr. 93 | Endre Wold, Vik IL |
| Nr. 122 | Andreas Rauset, Fj./ Vereide IL |
| Nr. 134 | Lasse Virkesdal, Vik IL |
| Nr. 159 | Vegard S. Hegrenes, Førde IL |
| Nr. 183 | Adrian Helgheim |
| DNS | Sivert Fodnes, Årdalstangen IL |

**Sprint friteknikk**

**Kvinner 17 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 9 | Inga Kårstad Skaar, Førde IL |

**Kvinner 18 år**

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

**Kvinner 19-20 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 30 | Bertine T. Lefdal, IL Bjørn |

**Herrar 17 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 11 | Andreas Hetle, Breimsbygda IL |
| Nr. 31 | Erlend Henjesand, Syril IL |
| Nr. 51 | Brage B. Sunde, Førde IL |
| Nr. 69 | Vetle Uhre Hammersvik, Førde IL |
| Nr. 85 | Mathias Navelsaker, Eid IL |
| Nr. 106 | Nikolai L. Hunvik, Eid IL |
| Nr. 121 | Andreas Mjelstad, Syril IL |
| Nr. 123 | Torstein B. Blikra, Gaular IL |
| Nr. 147 | Oskar Fjelldal, Eid IL |

**Herrar 18 år**

| | |
|---|---|
| Sølv | Jon Rolf S. Hope, Hyen IL |
| Nr. 107 | Andras B. Fugle, Førde IL |
| Nr. 123 | Kristian Haugen, IL Bjørn |

**Herrar 19-20 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 53 | Andreas Rauset, Fj./ Vereide IL |
| Nr. 117 | Edvard G. Andersen, Syril IL |
| Nr. 150 | Adrian Helgheim, Førde IL |

**Stafett, herrar**

| | |
|---|---|
| Nr. 28 | Sogn og Fjordane Skikrins I<br>(Andreas Hetle, Andreas Rauseth, Edvard Grut Andersen og Jon Rolf S. Hope) |
| Nr. 50 | Sogn og Fjordane Skikrins II<br>(Brage Burø Sunde, Sivert Fodnes, Vetle Uhre Hammersvik og Endre Wold) |
| Nr. 67 | Sogn og Fjordane Skikrins III<br>(Erlend Henjesand, Andreas B. Fugle, Erlend Bakken og Lasse Virkesdal) |
| Nr. 74 | Sogn og Fjordane Skikrins IV<br>(Kristian Haugen, Torstein B. Blikra, Isak Hopland og Nikolai L. Hunvik) |
| Nr. 114 | Sogn og Fjordane Skikrins V (mix)<br>(Andreas Mjelstad, Emil Veien, Eirik N. Berg og Åsmund Brunstad Øyehaug) |

**Stafett, kvinner**

| | |
|---|---|
| Nr. 10 | Sogn og Fjordane Skikrins I<br>(Bertine T. Lefdal, Inga Kårstad Skaar, Sigrid Flo Bødal og Karoline Erdal). |

**<u>Hovedlandsrennet 2016</u>**

**Klassisk**

**Jenter 15 år**

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

**Jenter 16 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 66 | Synneva Iren Kvile, Førde IL |
| Nr. 139 | Maria Lund, Kaupanger IL |

**Gutar 15 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 180 | Øystein Støfring, Førde IL |
| Nr. 212 | Håvar Kvam, IL Bjørn |
| Nr. 214 | Sebastian Tveit, Førde IL |

**Gutar 16 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 6 | Simon H. Kirkeeide, Markane IL |
| Nr. 98 | Eskil Hov, Kaupanger IL |
| Nr. 176 | Even Nesgård, Fj./ Vereide IL |
| Nr. 178 | Stian Kapstad, Gaular IL |
| Nr. 182 | Lars Øvrebø, Gaular IL |
| Nr. 209 | Trygve Brendehaug, Syril IL |
| Nr. 222 | Thomas Walaker, Førde IL |

**Sprint friteknikk**

**Jenter 15 år**

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

**Jenter 16 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 107 | Synneva Iren Kvile, Førde IL |
| Nr. 117 | Maria Lund, Kaupanger IL |

**Gutar 15 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 192 | Øystein Støfring, Førde IL |
| Nr. 195 | Håvar Kvam, IL Bjørn |
| Nr. 227 | Sebastian Tveit, Førde IL |

**Gutar 16 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 44 | Simon H. Kirkeeide, Markane IL |
| Nr. 59 | Eskil Hov, Kaupanger IL |
| Nr. 97 | Kent Ove Sæten, Hyen IL |
| Nr. 124 | Stian Kapstad, Gaular IL |
| Nr. 195 | Trygve Brendehaug, Syril IL |
| Nr. 197 | Even Nesgård, Fj./ Vereide IL |
| Nr. 202 | Lars Øvrebø, Gaular IL |
| Nr. 216 | Thomas Walaker, Førde IL |

**Stafett, jenter**

| | |
|---|---|
| Nr. 63 | Sogn og Fjordane Skikrins I (mix)<br>(Synneva Iren Kvile, Maria Lund, Ann Malen Engenes og Eva Nesje Haugli) |

**Stafett, gutar**

| | |
|---|---|
| Nr. 37 | Sogn og Fjordane Skikrins I<br>(Eskil Hov, Even Nesgård, Kent Ove Sæten, Simon H. Kirkeeide) |
| Nr. 81 | Sogn og Fjordane Skikrins II<br>(Stian Kapstad, Trygve Brendehaug, Thomas Walaker og Lars Øvrebø) |
| Nr. 110 | Sogn og Fjordane Skikrins III (mix)<br>(Håvar Kvam, Øystein Støfring, Sebastian Tveit og Eirik H. Amundsen) |

**<u>Krinsmeisterar 2016</u>**

**KM friteknikk, arr. Førde IL**

| | |
|---|---|
| G13 år | Håvard Hetle, Breimsbygda IL |
| J13 år | Emilie Flo Stavik, Markane IL |
| G14 år | Thristan Engebø Ullebø, Førde IL |
| J14 år | Oselie Henden, Eid IL |
| G15 år | Øystein Støfring, Førde IL |
| J15 år | Gyrid Øygard, Førde IL |
| G16 år | Simon H. Kirkeeide, Markane IL |
| J16 år | Synneva Iren Kvile, Førde IL |
| M17 år | Andreas Hetle, Breimsbygda IL |
| K17 år | Inga Kårstad Skaar, Førde IL |
| M18 år | Isak Hopland, Hardbagg IL |
| K18 år | Ingen deltakarar |
| M19-20 år | Edvard Grut Andersen, Syril IL |
| K19-20 år | Andrea Skeide Bakke, Eid IL |
| M. sr. | Gjøran Tefre, Førde IL |
| K. sr. | Bodil Ryste |

**KM sprint klassisk, arr. Førde IL**

| | |
|---|---|
| G13 år | Håvard Hetle, Breimsbygda IL |
| J13 år | Thea Lundekva, Førde IL |
| G14 år | Thristan Engebø Ullebø, Førde IL |
| J14 år | Oda Hov, Kaupanger IL |
| G15 år | Øystein Støfring, Førde IL |

| | |
|---|---|
| J15 år | Gyrid Øygard, Førde IL |
| G16 år | Eskil Hov, Kaupanger IL |
| J16 år | Maria Lund, Kaupanger IL |
| K17 år | Inga Kårstad Skaar, Førde IL |
| M17 år | Andreas Hetle, Breimsbygda IL |
| M18 år | Kristian Haugen, IL Bjørn |
| K18 år | Ingen deltakarar |
| M19-20 år | Edvard Grut Andersen, Syril IL |
| K19-20 år | Ingen deltakarar |
| M. sr. | Gjøran Tefre, Førde IL |
| K. sr. | Eirin Hegrenes, Førde IL |

**KM klassisk, arr. Førde IL**

| | |
|---|---|
| G13 år | Olaus Orheim Mundal, Sogndal IL |
| J13 år | Louise Tveito, Kaupanger IL |
| G14 år | Thristan Engebø Ullebø, Førde IL |
| J14 år | Oselie Henden, Eid IL |
| G15 år | Håvar Kvam, IL Bjørn |
| J15 år | Gyrid Øygard, Førde IL |
| G16 år | Eskil Hov, Kaupanger IL |
| J16 år | Synneva Iren Kvile, Førde IL |
| M17 år | Andreas Hetle, Breimsbygda IL |
| K17 år | Inga Kårstad Skaar, Førde IL |
| M18 år | Andreas Bjørvik Fugle, Førde IL |
| K18 år | Ingen deltakarar |
| M19-20 år | Edvard Grut Andersen, Syril IL |
| K19-20 år | Ingen deltakarar |
| M. sr. | Torstein Bu, Førde IL |
| K. sr. | Bodil Ryste, Gaular IL |

**RESULTAT SESONGEN 2017**

**Senior-NM 2017**

**Herrar, 15 km klassisk**

| | |
|---|---|
| Nr. 16 | Gjøran Tefre, Førde IL |
| Nr. 52 | Roger Øye Pollen, Førde IL |
| Nr. 78 | Torstein Bu, Førde IL |
| Nr. 109 | Edvard Grut Andersen, Syril IL |
| DNS | Oddne Håvardstun Munkvold, Førde IL |

**Kvinner, 10 km klassisk**

| | |
|---|---|
| Nr. 55 | Bertine T. Lefdal, IL Bjørn |

**Herrar, sprint friteknikk**

| | |
|---|---|
| Nr. 13 | Gjøran Tefre, Førde IL |
| Nr. 25 | Torstein Bu, Førde IL |
| Nr. 81 | Trygve Henden Gaasø, Fj./ Vereide IL |
| DNS | Roger Øye Pollen, Førde IL |
| DNS | Oddne Håvardstun Munkvold, Førde IL |
| DNS | Edvard Grut Andersen, Syril IL |

**Kvinner, sprint friteknikk**

| | |
|---|---|
| Nr. 26 | Bertine T. Lefdal, IL Bjørn |

**Herrar, 30 km skiathlon**

| | |
|---|---|
| Nr, 31 | Gjøran Tefre, Førde IL |
| Nr. 84 | Roger Øye Pollen, Førde IL |
| Nr. 111 | Edvard Grut Andersen, Førde IL |

| | |
|---|---|
| DNS | Torstein Bu, Førde IL |
| DNS | Oddne Håvardstun Munkvold, Førde IL |

**Kvinner, 15 km skiathlon**

| | |
|---|---|
| Nr. 37 | Bertine T. Lefdal, IL Bjørn |

**Herrar, 10 km friteknikk (junior og senior)**

| | |
|---|---|
| Nr. 19 | Gjøran Tefre, Førde IL |
| Nr. 42 | Jon Rolf S. Hope, Hyen IL |
| Nr. 50 | Torstein Bu, Førde IL |
| Nr. 145 | Vetle Uhre Hammersvik, Førde IL |
| Nr. 158 | Andreas Hetle, Breimsbygda IL |
| Nr. 161 | Ole Martin Erdal, Førde IL |
| Nr. 174 | Roger Øye Pollen, Førde IL |
| Nr. 220 | Edvard Grut Andersen, Syril IL |
| Nr. 235 | Hallvard S. Evjestad, IL Bjørn |
| Nr. 268 | Trygve Henden Gaasø, Fj./ Vereide IL |
| Nr. 291 | Oddne Håvardstun Munkvold, Førde IL |
| Nr. 300 | Simon H. Kirkeeide, Markane IL |
| Nr. 350 | Erlend Henjesand, Syril IL |
| Nr. 394 | Eskil Hov, Kaupanger IL |
| Nr. 441 | Lars Øvrebø, Gaular IL |
| Nr. 442 | Even Nesgård, Fj./ Vereide IL |

**Kvinner, 5 km friteknikk (junior og senior)**

| | |
|---|---|
| Nr. 37 | Karoline Erdal, Førde IL |
| Nr. 97 | Bertine T. Lefdal, IL Bjørn |
| Nr. 134 | Synneva Iren Kvile, Førde IL |
| Nr. 198 | Marte Erfjord, Hafslo IL |

**Herrar, 50 km klassisk**

| | |
|---|---|
| Nr. 9 | Gjøran Tefre, Førde IL |
| Nr. 35 | Andrè Haugsbø, Gaular IL |
| Nr. 57 | Torstein Bu, Førde IL |
| Nr. 76 | Mats Bjørnar Leirdal, IL Bjørn |
| Nr. 98 | Edvard Grut Andersen, Syril IL |
| Nr. 113 | Reinar Åland, Hornindal IL |
| DNF | Eirik Hovland, Årdalstangen IL |
| DNF | Hallvard S. Evjestad, IL Bjørn |
| DNF | Trygve Henden Gaasø, Fj./ Vereide IL |
| DNS | Oddne Håvardstun Munkvold, Førde IL |
| DNS | Ole Martin Erdal, Førde IL |
| DNS | Roger Øye Pollen, Førde IL |

**Kvinner, 30 kilomter klassisk**

| | |
|---|---|
| Nr. 37 | Bertine T. Lefdal IL, IL Bjørn |
| DNF | Marte Erfjord, Hafslo IL |

**Herrar, lagsprint**

| | |
|---|---|
| Nr. 5 | Førde IL |
| | (Gjøran Tefre og Torstein Bu) |

**Kvinner, lagsprint**

Ingen lag frå Sogn og Fjordane

**Herrar, stafett 3x10 km**

| | |
|---|---|
| Nr. 23 | Førde IL |
| | (Gjøran Tefre, Roger Øye Pollen og Ole Martin Erdal) |

| | |
|---|---|
| Nr. 131 | Syril IL<br>(Erlend Henjesand, Andreas Mjelstad og Edvard Grut Andersen) |

**Kvinner, stafett 3x5 km**

Ingen lag frå Sogn og Fjordane

**<u>Junior-NM 2017</u>**

**Friteknikk**

**Kvinner 17 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 27 | Synneva Iren Kvile, Førde IL |
| Nr. 93 | Maria Lund, Kaupanger IL |

**Kvinner 18 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 20 | Inga Kårstad Skaar, Førde IL |

**Kvinner 19-20 år**

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

**Herrar 17 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 8 | Simon H. Kirkeeide, Markane IL |
| Nr. 108 | Lars Øvrebø, Gaular IL |
| Nr. 109 | Eskil Hov, Kaupanger IL |
| Nr. 146 | Even Nesgård, Fj./ Vereide IL |
| Nr. 149 | Stian Kapstad, Gaular IL |
| Nr. 161 | Trygve Brendehaug, Syril IL |

**Herrar 18 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 7 | Andreas Hetle, Breimsbygda IL |
| Nr. 8 | Vetle Uhre Hammersvik, Førde IL |
| Nr. 29 | Erlend Henjesand |
| Nr. 65 | Brage B. Sunde, Førde IL |
| Nr. 107 | Torstein B. Blikra, Gaular IL |
| Nr. 139 | Andreas Mjelstad, Syril IL |
| Nr. 153 | Eirik Nordeide Berg, Førde IL |

**Herrar 19-20 år**

| | |
|---|---|
| Gull | Jon Rolf S. Hope, Hyen IL |
| Nr. 107 | Adrian Helgheim, Førde IL |
| Nr. 145 | Andreas B. Fugle, Førde IL |

**Klassisk**

**Kvinner 17 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 18 | Synneva Iren Kvile, Førde IL |
| Nr. 100 | Maria Lund, Kaupanger IL |

**Kvinner 18 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 44 | Inga Kårstad Skaar, Førde IL |

**Kvinner 19-20 år**

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

**Herrar 17 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 35 | Simon H. Kirkeeide, Markan IL |
| Nr. 67 | Eskil Hov, Kaupanger IL |
| Nr. 139 | Lars Øvrebø, Gaular IL |
| Nr. 143 | Even Nesgård, Fj./ Vereide IL |

| | |
|---|---|
| Nr. 158 | Trygve Brendehaug, Syril IL |
| Nr. 171 | Stian Kapstad, Gaular IL |

**Herrar 18 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 9 | Andreas Hetle, Breimsbygda IL |
| Nr. 35 | Brage B. Sunde, Førde IL |
| Nr. 45 | Vetle Uhre Hammersvik, Førde IL |
| Nr. 99 | Erlend Henjesand, Syril IL |
| Nr. 105 | Torstein B. Blikra, Gaular IL |
| Nr. 160 | Eirik N. Berg, Førde IL |
| Nr. 161 | Andreas Mjelstad, Syril IL |

**Herrar 19-20 år**

| | |
|---|---|
| Gull | Jon Rolf S. Hope, Hyen IL |
| Nr. 105 | Adrian Helgheim, Førde IL |
| Nr. 149 | Andreas B. Fugle, Førde IL |

**Sprint friteknikk**

**Kvinner 17 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 53 | Synneva Iren Kvile, Førde IL |
| Nr. 70 | Maria Lund, Kaupanger IL |
| Nr. 90 | Ane Brekke, Førde IL |

**Herrar 17 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 64 | Eskil Hov, Kaupanger IL |
| Nr. 118 | Stian Kapstad, Gaular IL |
| Nr. 158 | Even Nesgård, Fj./ Vereide IL |

**Kvinner 18 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 42 | Inga Kårstad Skaar, Førde IL |

**Herrar 18 år**

| | |
|---|---|
| Bronse | Erlend Henjesand, Syril IL |
| Nr. 7 | Andreas Hetle, Breimsbygda IL |
| Nr. 33 | Brage Burø Sunde, Førde IL |
| Nr. 60 | Vetle Uhre Hammersvik, Førde IL |
| Nr. 61 | Andreas Mjelstad, Syril IL |
| Nr. 114 | Torstein B. Blikra, Gaular IL |
| Nr. 140 | Mathias Navelsaker, Eid IL |
| Nr. 144 | Eirik N. Berg, Førde IL |

**Herrar 19-20 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 17 | Jon Rolf S. Hope, Hyen IL |
| Nr. 112 | Adrian Helgheim, Førde IL |
| Nr. 157 | Andreas B. Fugle, Førde IL |

**Kvinner 19-20 år**

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

**Stafett, herrar**

| | |
|---|---|
| Nr. 9 | Sogn og Fjordane Skikrins I<br>(Andreas Hetle, Jon Rolf S. Hope, Vetle Uhre Hammersvik og Erlend Henjesand) |
| Nr. 72 | Sogn og Fjordane Skikrins II<br>(Brage Burø Sunde, Adrian Helgheim, Simon H. Kirkeeide og Torstein B. Blikra) |

| | |
|---|---|
| Nr. 97 | Sogn og Fjordane Skikrins III<br>(Andreas B. Fugle, Eskil Hov, Eirik N. Berg og Andreas Mjelstad) |
| Nr. 110 | Sogn og Fjordane Skikrins IV<br>(Trygve Brendehaug, Even Nesgård, Lars Øvrebø og Stian Kapstad) |

**Stafett, kvinner**

| | |
|---|---|
| Nr. 44 | Sogn og Fjordane Skikrins I (mix)<br>(Synneva Iren Kvile, Maria Lund, Inga Kårstad Skaar og Julie Øvretveit) |

## Hovedlandsrennet 2017

### Friteknikk

**Jenter 15 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 10 | Gunn Kristi Tvinnereim, Hardbagg IL |
| Nr. 47 | Oselie Henden, Eid IL |
| DNS | Oda Hov, Kaupanger IL |

**Jenter 16 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 28 | Gyrid Øygard, Førde IL |

**Gutar 15 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 25 | Lasse Flo Bødal, Stårheim IL |
| Nr. 34 | Oskar G. Breivik, Markane IL |
| Nr. 68 | Thristan E. Ullebø, Førde IL |
| Nr. 73 | Ivar Nistad, Gaular IL |
| Nr. 99 | Bendik Vereide, Stårheim IL |
| Nr. 170 | Oliver Bosdal Thorsen, Førde IL |
| Nr. 186 | Hjalmar Michelsen, Syril IL |
| Nr. 229 | Sverre L. Røyseth, Syril IL |
| Nr. 234 | Håkon Aa Albretsen, Kaupanger IL |
| Nr. 281 | Ulvar Tufte, Sogndal IL |

**Gutar 16 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 93 | Martin Aaland, Hardbagg IL |
| Nr. 237 | Øystein Støfring, Førde IL |
| Nr. 248 | Sebastian Tveit, Førde IL |
| Nr. 260 | Elias Bergset, IL Veten |
| DNF | Håvar Kvam, IL Bjørn |

### Sprint klassisk

**Jenter 15 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 95 | Gunn Kristi Tvinnereim, Hardbagg IL |
| Nr. 106 | Oda Hov, Kaupanger IL |

**Jenter 16 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 70 | Gyrid Øygard, Førde IL |

**Gutar 15 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 67 | Thristan E. Ullebø, Førde IL |
| Nr. 92 | Ivar Nistad, Gaular IL |
| Nr. 102 | Oliver Bosdal Thorsen, Førde IL |
| Nr. 120 | Oskar G. Breivik, Markane IL |
| Nr. 152 | Sverre L. Røyseth, Syril IL |
| Nr. 191 | Hjalmar Michelsen, Syril IL |
| Nr. 228 | Bendik Vereide, Stårheim IL |

| | |
|---|---|
| Nr. 231 | Håkon Aa Albretsen, Kaupanger IL |
| Nr. 240 | Lasse Flo Bødal, Stårheim IL |
| DNS | Ulvar Tufte, Sogndal IL |

**Gutar 16 år**

| | |
|---|---|
| Nr. 140 | Martin Aaland, Hardbagg IL |
| Nr. 187 | Øystein Støfring, Førde IL |
| Nr. 209 | Håvar Kvam, IL Bjørn |
| Nr. 210 | Elias Bergset, IL Veten |
| Nr. 236 | Sebastian Tveit, Førde IL |

**Stafett jenter**

| | |
|---|---|
| 4. Alpinkomiteen skal legge til rette slik at alle utøvarar i klasse U16 gjennomfører e-læringsmodulen «Ren Utøver». | AK |
| 5. Langrennskomiteen skal legge til rette for min. 2 stk. tverridrettslege utdanningstiltak pr. år i planperioden. Tiltaka skal avviklast i samband med aktuelle krinssamlingar. | LK |
| 6. Alpinkomiteen skal legge til rette for min. 2 stk. tverridrettslege utdanningstiltak pr. år i planperioden. Tiltaka skal avviklast i samband med aktuelle krinssamlingar. | AK |
| | |
| **KLUBB** | |
| **Mål:** Skikrinsen skal kartlegge idrettslaga sine behov, og på bakgrunn av det tilby utviklingskurs for klubbutvikling, leiarar og unge leiarar i idrettslaga. | |
| **TILTAK** | **ANSV.** |
| 1. Skikrinsen skal gjennomføre 4 klubbbesøk/ sonemøter pr. år i tingperioden. I framkant av møta skal ein kartlegge idrettslaga sine behov for utviklingstiltak. | AU |
| 2. Skikrinsen skal vurdere å setje i verk prosess i klubb for utvikling av organisasjon og leiarar. | AU |
| 3. Alpinkomiteen skal gjennomføre 2 stk. klubbesøk/ sonemøter pr. år i tingperioden. I framkant av møta skal ein kartlegge idrettslaga sine behov for utviklingstiltak. | AK |
| 4. Langrennskomiteen skal gjennomføre 2 klubbesøk/ sonemøter pr. år i tingperioden. I framkant av møta skal ein kartlegge idrettslaga sine behov for utviklingstiltak. | LK |
| | |
| **TRENARAR** | |
| **Mål:** Skikrinsen skal tilby allidrettskurs, aktivitetsleiarkurs, trenarkurs 1 og 2, samt andre instruktørkurs. | |
| **TILTAK** | **ANSV.** |
| 1. Skikrinsen skal legge til rette for trenarkurs på sommarsnø på Sognefjellet og Juvass kvart år i planperioden (langrenn/ alpint) | AU |

| Innsatsområde: **KOMMUNIKASJONSARBEID** | |
|---|---|
| **Klubb, medlemskontakt, intern kommunikasjon** | |
| **Mål:** Skikrinsen skal bidra til aktiv medlemskontakt gjennom digitale kanalar. | |
| **TILTAK** | **ANSV.** |
| 1. Skikrinsen sin offisielle informasjonskanal skal vere www.skikrinsen.no | AU/GK |
| | |
| **Mål:** Skikrinsen skal syte for klubb- og medlemskontakt gjennom Vår- og Haustmøter. | |
| **TILTAK** | **ANSV.** |
| 1. Skikrinsen skal gjennomføre planmessige Vår- og Haustmøter (felles og grein) | AU/GK |
| | |
| **Merkevare og omdøme** | |
| **Mål:** Skikrinsen skal vere ein godt synleg idrettsaktør i fylket. | |
| **TILTAK** | **ANSV.** |
| 1. Skikrinsen skal utvikle ein marked- og mediestrategi | AU |

| Innsatsområde: **ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR** | |
|---|---|
| **Kostnadsreduserande tiltak** | |
| **Mål:** Skikrinsen skal aktivt arbeide for å redusere kostnadsnivået i skiidretten gjennom haldningsskapande arbeid i idrettslaga. | |
| **TILTAK** | **ANSV.** |
| 1. Skikrinsen skal arbeide for forbod m.o.t. bruk av fluorgli-produkt i aldersklassane under 16 år. | AU |
| 2. Skikrinsen skal etablere ei fylkesdekkande «facebook-side» for kjøp og sal av brukt skiutstyr. | AU |
| 3. Skikrinsen skal arbeide for rimelege tilbod for innkvartering i samband med nasjonale renn og meisterskap. | AU |
| | |
| **Offentlege midlar** | |
| **Mål:** Skikrinsen skal sikre dei økonomiske rammevilkåra for idrettslaga og skianlegga gjennom politisk påvirkningsarbeid ovanfor fylkeskommunen og kommunane. | |
| **TILTAK** | **ANSV.** |
| 1. Skikrinsen skal, i samhandling med idrettskrinsen, arbeide for at det fylkeskommunale rammetilskotet til idretten i fylket vert auka. | AU |
| 2. Skikrinsen skal arbeide for at idrettslaga og anleggseigarane utarbeidar gode prosjekt ved utvikling av skianlegg (ref. ordninga for spelemidlar). | AU |
| 3. Skikrinsen skal arbeide for at prosjektet Ski i Skulen vert finansiert ved hjelp av offentlege midlar (ref. kommunale- og fylkeskommunale midlar). | AU |

| **Medie- og markedsinntekter** | |
|---|---|
| **Mål:** Skikrinsen bør sikre sine markedsinntekter gjennom å arbeide med regionale samarbeidspartar. | |
| **TILTAK** | **ANSV.** |
| 1. Skikrinsen skal primært syte for god oppfølging av eksisterande samarbeidsavtalar med næringslivet. | AU/GK |
| 2. Skikrinsen skal arbeide for finansiering av ein tilsett ressurs innanfor klubbutvikling. | AU |
| 3. Skikrinsen skal utvikle og føre vidare markedsarbeidet som ivaretek totaliteten i organisasjonen | AU |

| Innsatsområde: **SAMHANDLING** | |
|---|---|
| **Offentlege instansar** | |
| **Mål:** Skikrinsen skal samarbeide med nærliggande skigymnas og høgskular knytta til kurs-, kompetanse-, og aktivitetsutvikling. | |
| **TILTAK** | **ANSV.** |
| 1. Skikrinsen skal samhandle med Sogndal vgs. og Stryn vgs./ landslinja om kompetanse- og aktivitetsutvikling i langrenn. | AU |
| 2. Alpinkomiteen skal samarbeide med Oppdal Alpin Elite (Sør Trøndelag fylkeskommune) m.o.t. utvikling av FIS-utøvarar og tilgang til trenarkrefter. | AK |
| | |
| **Mål:** Skikrinsen skal arbeide for å tilby skiaktivitet som ein del av idrettsaktiviteten i skuletida i eit samarbeid mellom idrettslag, skule og SFO/ AKS | |
| **TILTAK** | **ANSV.** |
| 1. Skikrinsen skal gjennomføre prosjektet Ski i Skulen etter tilsvarande modell som tidlegare år. | AU |
| | |
| **Politisk samhandling** | |
| **Mål:** Skikrinsen skal drive politisk påverknad ovanfor fylkeskommunen, kommunar og idrettskrinsen. | |
| **TILTAK** | |
| 1. Skikrinsen skal vere synleg på aktuelle politiske arenaer lokalt og regionalt. | AU |

# ANLEGGSPLAN

## for Sogn og Fjordane Skikrins

## 2017-2021

**Framlegg til Skikrinstinget, 17. juni 2017**
**Thon Jølster Hotell, Skei**

## INNHALDSLISTE


**1. Innleiing** s.3-4
1.1 Norges Skiforbund s.3
1.2 Sogn og Fjordane Skikrins s.3
1.3 Klassifisering av anlegg s.4

**2. Rammevilkår** s.4-9
2.1 Regionalplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017 s.4-7
2.1.1 Bakgrunn
2.1.2 Rammefordeling av spelemidlane
2.1.3 Anlegg som skal styrast av regionalplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
2.1.4 Alpinanlegg med høgdeskilnad på 100 meter eller meir
2.1.5 Hoppanlegg større enn K40, inkludert plastlegging
2.1.6 Anlegg med driftstilskot frå fylkeskommunen
2.1.7 Status om anlegga som får driftstilskot i planperioden

2.2 Kommunedelplanar s.7
2.3 Tilskot- og finansieringsordningar s.7-9
2.3.1 Spelemidlar til anlegg og fysisk aktivitet
2.3.2 Anna finansiering/ tilskot

**3. Anleggssituasjon i Sogn og Fjordane – status** s.9-10
3.1 Langrenn s.9-10
3.2 Alpint s.10-11
3.3 Hopp/ kombinert s.11

**4. Utbyggingsbehov/ kvalitetskrav for drift** s.11-15
4.1 Langrenn s.11-13
4.2 Alpint s.13-14
4.2.1 Vêr- og klimautfordringar
4.2.2 Større alpinanlegg
4.2.3 Mindre alpinanlegg
4.2.4 Sikkerheitsutstyr
4.3 Hopp/ kombinert s.14-15
4.4 Skileikanlegg s.15

**5. Handlingsplan** s.16-17
5.1 Nye anlegg s.16
5.2 Nærmiljøanlegg s.16
5.3 Rulleskiløyper s.16
5.4 Rehabilitering s.16-17

# 1. INNLEIING

## 1.1 Norges Skiforbund

Norges Skiforbund arbeider etter Skipolitisk Dokument vedtatt av Skitinget.
Anlegg er eit av innsatsområda i planen. Måla innanfor anleggsområde som blir vedtekne på Skitinget kvart andre år legg føringar for dei planar skikrinsane og laga skal arbeide etter.

Norges Skiforbund skal arbeide aktivt for å sikre skiidretten ein rettmessig del av midlane som gjerast tilgjengeleg gjennom spelemiddelordninga. Den statlege anleggspolitikken fokuserar på anlegg for born og ungdom i lokalmiljøet, rehabilitering og større satsing i storbyane. I anleggsarbeidet ynskjer Norges Skiforbund å bidra til at anleggsmassen utviklast på ein måte som skiidretten er mest tent med.

Visjonen som Norges Skiforbund arbeider etter er *Mange, gode og glade skiløparar*.
Gode tidsriktige og snøsikre anlegg er ein av dei viktigaste føresetnadane for vekst og utvikling i skiidretten.

Gjennom den til ei kvar tid gjeldande strategiplan har Norges Skiforbund eit styringsverktøy for utvikling av skianlegg i Norge. Planen er presentert på Noregs Skiforbund sine nettsider.

## 1.2 Sogn og Fjordane Skikrins

Sogn og Fjordane Skikrins (SFSK) har ein anleggskomite som fungerar som bindeledd mellom laga og offentlege organ på kommune og fylkesnivå.

SFSK tek sikte på at planen skal følgje planperiodane for regionalplan for idrett og friluftsliv.

Planen som no ligg føre for perioden 2017-2021, bygger for det meste på tidlegare registreringar.

Laga er i planprosessen oppmoda om å endre faktaopplysningane for sine anlegg.

Planen er bygd opp slik:

- I kapittel 2 presenterar ein eit oversyn over dei rammevilkåra som gjeld for planlegging og utbygging av nye skianlegg, i form av offentlege plankrav samt planar og tilskotsordningar.

- I kapittel 3 gjev ein oversyn over status for skianlegga i Sogn og Fjordane. Anleggssituasjonen vert presentert greinvis

- Kapittel 4 vert brukt til ein analyse av behov for nye anlegg og rehabilitering.

- I kapittel 5 vert handlingsplanen for dei kommande åra presentert

## 1.3 Klassifisering av anlegg

Kulturdepartementet har definert anleggskategoriane slik:

| | |
|---|---|
| Nærmiljøanlegg | Med nærmiljøanlegg meiner ein utandørsanlegg for eigenorganisert, fysisk aktivitet som ligg i tilknytning til bu- og/ eller aktivivitetsområde. Nærmiljøanlegg skal vere fritt allment tilgjengeleg for eigenorganisert, fysisk aktivitet, fyrst og fremst for barn og ungdom (6-19 år), men òg for resten av lokalbefolkninga. Nærmiljøanlegg kan unntaksvis nyttast til organisert, idrettsleg aktivitet, men eigenorganisert, fysisk aktivitet skal ha førsteprioritet. |
| Ordinære anlegg | Ordinære anlegg vil seie anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet og eigenorganisert fysisk aktivitet. |

*Kjelde:*
*Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2016. Det Kongelige Kulturdepartement.*

## 1. RAMMEVILKÅR

## 2.1 Regionalplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019

2.1.1 Bakgrunn

Det er viktig å få til ei god og riktig utvikling av anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Generelt er behovet for idrettsanlegg fortsatt stort i Sogn og Fjordane, men innanfor utvikling av skianlegg har ein dei seinare åra ført ein politikk om at ein ikkje har behov for nye anlegg i fylket, i staden har ein retta arbeidsinnsatsen mot rehabilitering og utvikling av eksisterande anlegg.

Det er høg investeringsvilje i Sogn og Fjordane. Dette er i størst grad knytt til anlegg som det er kostnadskrevjande både å investere i og å drifte. Døme på slike anlegg er Ullsheim i Stryn kommune, Jølster Skisenter i Jølster kommune, Langeland Skisenter i Gaular kommune, Sogndal Skisenter i Sogndal kommune, Sogn Skisenter i Luster kommune og Harpefossen Skisenter i Eid kommune.

Etter kvart vert det naudsynt å vurdere kor mange store skianlegg det er behov for i Sogn og Fjordane, og kor mange det er økonomisk og demografisk grunnlag for å drifte.

Sogn og Fjordane er eit av dei fylka der etterslepet på utbetaling av spelemidlar er størst. I snitt tek det over fire år frå ein søkjer fyrste gang til ein får spelemidlane. Mange anlegg er då allereie ferdig stilt, noko både handlingsprogram og langtidsprogrammet i Regionalplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 syner. Det er positivt med mange søknader, men etterslepet medfører at mange må syte for ei mellomfinansiering i påvente av utbetaling av spelemidlar.

Regionalplan  byggjer på vedtekne kommunedelplanar. Prosjekt som skal vurderast for spelemidlar må vere prioritert i vedteken "Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv".

2.1.2 Rammefordeling av spelemidlane

Det har vore praksis at alle som har ein godkjent søknad får spelemidlar. I praksis tyder det at det ikkje har vore noko styrt utvikling av anlegg frå regionalt hald. Dette har fungert fordi ein har vore underdekka på alle typar anlegg. Fylkeskommunen ser det difor som viktig at ein no styrer anleggsutviklinga i større grad enn før.

Dette både fordi det er ynskjeleg å styre utviklinga inn mot anlegg som mange nyttar, og fordi det på noverande tidspunkt er naudsynt å setje eit tak for talet på einskilde anleggstypar.

Jf. regionalplan er det eit mål at spelemidlane vert fordelt slik:

- 15% til nærmiljøanlegg
- 55% til anlegg styrt av regionalplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
- 30% til ordinære anlegg styrt av kommunale planar

Kommunane vedtek kvart år prioriteringslister for si anleggsutvikling. Fylkeskommunen vil leggje desse til grunn ved tildeling av tilskot til nærmiljøanlegg og ordinære anlegg styrt av kommunale planar.

<u>2.1.3 Anlegg som ska styrast av regionalplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv</u>
Kulturdepartementet har sett krav om at anlegg med stor kostnad, anlegg som krev store areal og kan vere ei miljømessig belastning skal styrast av fylkeskommunen. Ut frå dette har fylkeskommunen fastsett at følgjande anlegg skal styrast av regionalplan.
Dette gjeld både nye anlegg, og anlegg som skal rehabiliterast.

- fleirbrukshallar, inkludert spesialhallar
- *alpinanlegg med høgdeskilnad på 100 meter eller meir*
- golfanlegg
- motorsportanlegg
- kunstgrasbaner lik eller større enn 64 x 100 meter
- nye utandsørs skyteanlegg
- *hoppanlegg større enn K40 (inkludert plastlegging)*
- kunstisbaner
- *rulleskibane*

Dei anlegga og tiltaka som ikkje er omtala i regionalplan skal styrast av det lokale demokratiet gjennom kommunale planar for fysisk aktivitet. For å verte godkjent for å få spelemidlar og andre tilskotsordningar må anlegg, tiltak og kommunalplan til ei kvar tid følgje dei retningslinjer som er vedteke for den enkelte tilskotsordning.

<u>2.1.4 Alpinanlegg med høgdeskilnad på 100 meter eller meir</u>
Jf. regionalplan er det 8 større alpinanlegg i fylket. Desse ligg i Eid, Førde, Gloppen, Høyanger, Jølster, Luster, Sogndal og Stryn kommunar. Dei fleste av desse har planar om vidare utbygging. Iflg. regionalplan er det ikkje befolkningsgrunnlag og ressursar nok til større utbyggingar av alle alpinanlegga i fylket finansiert gjennom spelemiddelordninga.

Dei anlegga som har høve til å få spelemidlar er anlegga i Eid, Jølster, Sogndal og Luster kommunar.

<u>2.1.5 Hoppanlegg større enn K40, inkludert plastlegging</u>
Hoppanlegg K40 eller større er kostnadskrevjande å etablere, vedlikehalde og drive.
Det er 9 slike anlegg i fylket no, 5 av desse er i bruk jf. regionalplan.

- I høve tal aktive skihopparar er det ikkje rom for å gje spelemidlar til fleire hoppanlegg større enn K40

- For å auke talet på skihopparar i fylket vert det tilrådd etablering av dei minste hoppanlegga

- Spelemidlar til plastlegging av desse hoppbakkane skal vurderast særskilt.

2.1.6 Anlegg med driftstilskot frå fylkeskommunen
I 2000 tok Kulturdepartementet bort nemninga fylkesidrettsanlegg, og ordninga med driftsstønad vart lagt om, m.a. for å følgje opp mål og intensjonar om å stimulere til aktivitet og frivillig arbeid.

Med driftstilskotet vil fylkeskommunen stimulere til frivillig arbeid, fokusere på aktivitet og utløyse større kommunale driftstilskot til anlegg med omfattande frivillig drift.

Det vert i prinsippet gitt stønad til eit anlegg i same region (Sogn, Sunnfjord og Nordfjord). Dei seinare åra har storleiken på det fylkeskommunale driftstilskotet vore kr 200 000,-. Tilskotet vert fastsett av hovudutval for kultur ved budsjetthandsaminga kvart år.

I planperioden er følgjande anlegg prioritert for fylkeskommunalt driftstilskot:

| **Idrett** | **Anlegg** | **Eigar** | **Kommune** |
|---|---|---|---|
| Langrenn/ skiskyting | Ullsheim Skisenter | Markane IL | Stryn |
| Hopp | Nordfjord Fritidssenter | Nordfjord Fritidssenter | Stryn |
| Langrenn | Langeland Skisenter | Førde IL<br>Gaular IL | Gaular |
| Alpint/ langrenn | ”Ski i Sogn”<br>Sogn Skisenter og<br>Sogndal Skisenter | Luster Kommune<br>Hafslo IL<br>Sogndal Kommune<br>Sogndal IL | Luster<br>Sogndal |

Det kan for øvrig vere grunnlag å vurdere, politisk, kva anlegg som skal vere prioritert for fylkeskommunalt driftstilskot i framtida. Ved prioritering av anlegg bør ein i større grad vektlegge korleis skianlegga i fylket kjem i møte den aktive ski-idretten sine behov m.o.t. drift og øvrig tilrettelegging. Det kan slik sett vere grunnlag for å vurdere ei modernisering av ordninga.

2.1.7 Status om anlegga som får driftstilskot i planperioden

Ullsheim Skisenter
Skianlegget Ullsheim i Markane i Stryn Kommune står fram som eit av dei beste langrenn- og skiskyttaranlegga i landet. Løypene er FIS-godkjende.

Ullsheim har anlegg for snøproduksjon, og anlegget er eigd og vert drive av Markane Idrettslag. Driftige og dyktige arrangørar har arrangert fleire store konkurransar, m.a. NM-senior nordisk i 1996, VM-junior nordisk i 2004, Norges Cup langrenn 2006, NM i skiskyting 2008 samt jr. NM i langrenn i 2010.

Anlegget held også oppe eit omfattande turløypenett som bind saman løypenettet på Ullsheim med Stryn Skisenter (Bøanedsetra) og hyttefeltet der.

I tillegg har anlegget etablert eit rulleskianlegg, med m.a. løype for rulleski på ca. 4 km.

Nordfjord Fritidssenter
Hoppsenteret ligg på Vangen i Stryn Kommune. Største bakken er K 90. Fleire mindre hoppbakkar med storleik frå K 10 – K 90 utgjer eit godt hoppsenter.

I Nordfjord Fritidssenter vart det arrangert NM hopp i 1996, Norges Cup renn for hopp og kombinert i 1998 og 1999, junior VM i 2004, World Cup B i kombinert i 2006, jr. NM i hopp og kombinert i 2010, RC Finale i 2011, samt Norges Cup i hopp og kombinert i 2017. IL Veten og Nordfjord Fritidssenter er også tildelt Jr. NM i hopp og kombinert i 2018.

Anlegget har også eit godt utbygt løypenett og stadion for langrenn.

Stryn Kommune har garantert for ope anlegg gjennom heile sesongen, for alle hopparar frå fylket.

K-15 og K-40 vart ferdig plastlagde i juni 2014.

Langeland Skisenter AS
Langeland Skisenter AS ligg i Gaular Kommune (mot grensa til Førde Kommune). Anlegget er eigd av Førde IL og Gaular IL.

Anlegget har:
Lysløyper, eit større anlegg for snøproduksjon, oppkøyrde turløyper, skileikanlegg, parkeringsanlegg, varmestove m/ kafè og smørjebu.

Det ligg føre planar vedr. vidare utvikling av anlegget, og hausten 2017 er det venta at arbeidet med etablering av rulleskiløype vert ferdigstilt.

Skisenteret samarbeider med Kleiva Hoppanlegg om utstyr, preparering, skihytte m.m.

Sogn Skisenter AS
Sogn Skisenter AS ligg på Hafslo, Luster Kommune.

Anlegget har:
Alpinløyper, langrennsløyper med lys, skileikanlegg og turløyper.
Oppkøyrde turløyper frå toppen av alpintrekket og vidare innover til m.a. Skoganipa.
Parkringsanlegg, varmestove, garasje- / verkstadbygg.

Det er utarbeida reguleringsplan for området.

Det ligg føre planar vedr. vidare utvikling av anlegget.

Sogndal Skisenter AS
Sogndal Skisenter er lokalisert på Hodlekve i Sogndalsdalen i Sogndal Kommune.

Status i anlegget:
Hodlekveheisen er nyleg oppgradert og det er etablert to nye alpinanlegg i Rindabotn (opna i 2014 og 2015). Vidare er langrennsstadion flytta som ei mellombels løysing.

Anlegget har:
Alpinløyper med lys, langrennsløyper med lys, oppkøyrde turløyper og fjelløyper, skileikanlegg, big-jump, jibbe park, varmestove og parkeringsanlegg.

Det ligg føre planar vedr. vidare utvikling av anlegget.

## 2.2 Kommunedelplanar
Anlegg som skal få økonomisk støtte, må vere prioriterte i kommunale anleggsplanar. Alle lag med utbyggingsplanar må fremje desse i dei kommunale prosessane.

## 2.3 Tilskot- og finansieringsordningar

2.3.1 Spelemidlar for anlegg og fysisk aktivitet
Når det gjeld finansiering av anlegg har målsetjinga vore at anleggskostnadane skal delast i tre: 1/3 spelemidlar, 1/3 frå kommune og 1/3 frå byggherre. Byggherre er ofte idrettslag. Dette har vist å vere vanskeleg å få til, og det er då først og fremst kommunane som ikkje har greidd å finansiere sin tredjedel.

For at anlegga / utbyggjar skal kunne få tilskot av tippemidlane må ein stå i kommunen sin "Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet". For å få anlegg inn i desse planane må ein signalisere eit behov og lage planar. Planen vert endeleg vedteken i kommunestyret, men vert også handsama i t.d. idrettsrådet der desse finst.

Nærmiljøanlegg
Tilskot til nærmiljøanlegg kan utgjere 50% av godkjent kostnad. Maksimalt tilskot per. anleggseining er kr. 300 000. Nedre beløpsgrense for godkjent kostnad er kr. 50 000,- (tilskot kr. 25 000,-). Totalt kan eit anlegg ha tre byggjesteg. Anleggstypen er meint å stimulere spesielt til aktivitet blant barn og ungdom. Element som ligg innanfor denne søknadskategorien når det gjeld ski er: alpinbakkar med ein høgdeskilnad under 30 meter, hoppbakkar på K-20 og mindre, kular og staup, orgeltramp og diverse andre moment.
Det finst også ei forenkla tilskotsform for nærmiljøanlegg.

Grunnlag for tilskot er avgrensa oppover til kr. 600 000,-. Nedre kostnadsramme er kr. 50 000,-.

Rehabilitering
Det kan ytast tilskot til omfattande rehabiliteringar av anlegg når dette primært vil gje større og betre tilhøve for aktivitet blant barn og ungdom. Omfattande rehabilitering kan ofte vere like kostbart som nybygg, og må sjåast i samanheng med dette alternativet. Nybygg til ofte kunne vere meir framtidsretta og fleksibelt med omsyn til dei aktivitetane ein ynskjer eller som kan gå føre seg i anlegget. Søknadsprosedyren er den same som for nyanlegg.

Nye anlegg
Som hovudregel kan ein søkje om tilskot på inntil1/3 av godkjent kostnad til bygging og/eller rehabilitering av ordinære anlegg. For fleire typar anlegg er det fastsett særskilte maksimale tilskotsbeløp, jf. *Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2016.*

Storleiken på tilskotet
Jf. *Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2016 pkt. 2.6* gjeld følgjande reglar for skianlegg:

*Alpinbakkar:*
Type; slalåmbakkar/ storslalåmbakkar
Tilskot; inntil 1/3 av godkjent kostnad, maksimalt kr. 1 000 000,- på kvar av einingane, bakke/ skitrekk.

Type; super G og utforløyper
Tilskot; etter særskilt vurdering i departementet.

*Hoppbakkar:*
Type; bakke med dommartårn, hoppmålartårn, utøvartrapp, trenartribune.
Tilskot; inntil 1/3 av godkjent kostnad, maksimalt kr. 1 000 000,-.

Bakkar med K/W = 75 m eller større etter særskilt vurdering i departementet.

Til hoppbakkar for heilårsbruk kan det i tillegg søkjast om inntil 1/3 av godkjent av kostnad, maksimalt kr. 700 00,- til porselens- eller frysespor og plastdekke i unnarenn.

*Skiheis/ skitrekk:*
Det er ein føresetnad at det ligg føre konsesjon frå fylkesmannen ved søknad om tilskot til skiheisar/ skitrekk. Driftsløyve frå Taubanetilsynet (Statens jernbanetilsyn) skal ligge føre før sluttutbetaling av tilskot.
Tilskot; inntil 1/3 av godkjent kostnad, maksimalt kr. 1 000 000,-.

*Langrenn:*
Type; langrennsanlegg
I eit langrennsanlegg inngår stadion, smørebu, sprintrasè og løyper (trasèarbeid) i samband med permanent stadion. Dei ulike anleggseiningane i samband med eit langrennsanlegg kan vurderast som separate søknader.
Tilskot; inntil 1/3 av godkjent kostnad, maksimalt kr. 700 000,-.

Type; løypetrasèar med asfaltdekke
Til løypetrasèar for heilårsbruk med asfaltdekke kan det i tillegg søkjast om tilskot på 1/3 av kostnadane inn til kr. 700 000,- til legging av asfaltdekke.

*Snøproduksjonsanlegg*
Det kan ytast tilskot til snøkanonar, pumper, vassbasseng, tilførselsleidningar og anna utstyr som trengst til snøproduksjon. Naudsynte offentlege løyve og konsesjonar for eventuelt uttak av vatn frå vassdrag eller bygging av vassbasseng, må ligge føre før spelemidlar kan utbetalast.
Tilskot; inntil 1/3 av godkjent kostnad, maksimalt kr. 1 000 000,-.

2.3.2 Anna finansiering/ tilskot
Ut frå kva anlegg ein snakkar om og kva kommune ein bur i vil det variere kva grad kommunen kan stille opp med økonomiske tilskot ut over det ein får gjennom spelemidlane. Det er likevel verdt å merke seg at dei fleste kommunar stiller opp i større eller mindre grad, spesielt i planleggingsfasen.
Lån, dugnad, eigne kontantar og gåver er elles dei vanlege måtane å fullfinansiere eit anlegg på. Gode avtalar med lokale entreprenørar og nevenyttige medlemmer i idrettslaget er ein viktig del av finansieringa av eit anlegg.

## 1. ANLEGGSSITUASJON I SOGN OG FJORDANE – STATUS

### 3.1 Langrenn

Det er registrert svært mange langrennsanlegg i fylket.
Dessverre har mange av desse anlegga relativt usikre snøtilhøve, og tilfredstiller heller ikkje krava til ein moderne konkurransearena. Ullsheim Skisenter har  løypetrasear som er FIS-godkjende.

I tabellen under vert dei ulike anlegga vurderte med bakgrunn i krav til eit moderne langrennsanlegg. Tabellen viser dei anlegga som har hatt krinsrenn dei seinare åra.

| Anlegg | Klassifisering | Homologert | Løype (lengde, topografi, breidde) | Stadion område stafett, fellesstart, sprint) | Snø-produksjon | Servicebygg, toalett, parkering. | Løpar fasilitetar (garderobe, smørebu) | Rulleskiløype |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Ullsheim Skisenter** | Internasjonal | Ja | God | Ja | Ja | Godt | Godt | Ja |
| **Tua Skisenter** | Nasjonal | Ja | God | Ja | Nei | Godt | Godt | Nei |
| **Vik Skisenter** | Nasjonal | Nei | God | Ja | Nei | Godt | Godt | Ja |
| **Langeland Skisenter** | KM/Krins | Nei | God | Ja | Ja | Godt | Godt | Utv. |
| **Sogn Skisenter** | KM/Krins | Nei | God | Ja | Ja | Godt | Mangelfullt. | Utv. |
| **Leirdalen Skisenter** | Krins | Nei | God | Nei | Nei | Godt | Mangelfullt | Nei |

| Anlegg | Klassifisering | Homologert | Løype (lengde, topografi, breidde) | Stadion område stafett, fellesstart, sprint) | Snø-produksjon | Servicebygg, toalett, parkering. | Løpar fasilitetar (garderobe, smørebu) | Rulleskiløype |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Seimsåsen Skisenter** | KM/Krins | Nei | God | Ja | Nei | Godt | Godt | Nei |
| **Hornindal Skisenter** | KM/Krins | Nei | God | Ja | Nei | Godt | Godt | Nei |
| **Høgdene Skisenter** | KM/Krins | Nei | Noko smalt | Nei | Nei | Manglar servicebygg m.m. | Manglar servicebygg. | Nei |
| **Sogndal Skisenter** | KM/Krins | Nei | God | Under utvikling. | Nei | Godt | Mangelfullt | Utv. |
| **Kleivane Skisenter** | KM/Krins | Nei | God | Nei | Nei | Godt | Manglar garderobe. | Utv. |
| **Harpefossen Skisenter** | KM/Krins | Nei | God. | Ja | Ja | Godt | Delvise manglar | Nei |
| **Kleppa Skisenter** | KM/Krins | Ja | God | Nei | Nei | Mangelfullt | Mangelfullt | Nei |
| **Nordfjord Fritidssenter** | KM/ krins | Ja | God | Ja | Nei | Godt | Godt | Nei |
| **Breimsbygda Skisenter** | Krins | Nei | God på opne fjellet | Ja | Nei | Godt | Godt | Nei |

### 3.2 Alpint

Det er registeret 8 større alpinanlegg i fylket. Av desse er fire i Nordfjord, to i Sunnfjord og to i Sogn. Med større anlegg meiner ein her anlegg som har ein høgdeskilnad over 100 meter.

For kommunane Lærdal, Årdal og Aurland er Filefjell Skisenter eit naturleg å anlegg å bruke til alpinaktivitet, men dette anlegget ligg utanfor fylket og er såleis ikkje teke med i planen.

Vidare har ein ikkje kommentert status og utviklingspotensiale i mindre alpinanlegg som Årbergsdalen i Gaular kommune, Siplo i Høyanger kommune, Kleppa i Leikanger kommune. Det er heller ikkje avvikla terminfesta alpinarrangement i desse anlegga dei siste 10 åra.

Harpefossen Skisenter, Jølster Skisenter og Sogn Skisenter er regionanlegg i alpint.

Harpefossen Skisenter har homologerte traséar i slalåm, storslalåm og super-g.
Sogn Skisenter har homologerte traséar i slalåm og storslalåm, medan Jølster Skisenter har traséar som er FIS godkjent for slalåm og storslalåm. I tillegg har Jølster Skisenter høgdemeter for FIS godkjenning i Super G.

Jølster IL har saman med Jølster Skisenter våre fast arrangør av FIS-renn i slalåm dei seinare åra.

Tabellen viser dei anlegga som har ein høgdeskilnad over 100 meter, og som har avvikla krinsrenn eller tilsvarande dei siste 10 åra.

| Anlegg | Slalåm | Storslalåm | Super-G | Snøprod. | Kafe, toalett, varmestove |
|---|---|---|---|---|---|
| **Harpefossen Skisenter** | Homologert | Homologert | Homologert | Ja | Ja |
| **Jølster Skisenter** | FIS | FIS | Homologert | Ja | Ja |
| **Sogn Skisenter** | Homologert | Homologert | Krins | Ja | Ja |
| **Stryn Skisenter** | Krins | Krins | Krins | Ja | Ja |

| Anlegg | Slalom | Storslalom | Super-G | Snøprod. | Kafe, toalett, varmestove |
|---|---|---|---|---|---|
| **Sunnfjord Skisenter** | Krins | Krins | Nei | Ja | Ja, kan utbetrast. |
| **Hornindal Skisenter** | Krins | Krins | Nei | Nei | Ja |
| **Sogndal Skisenter** | Krins | Krins | Nei | Nei | Ja |
| **Breimsbygda Skisenter** | Krins | Krins. | Nei | Nei | Ja |

Av alpinanlegga er det fem som har snøproduksjon i delar av bakken. Fleire av anlegga arbeider stadig med å utbetre kapasiteten m.o.t. snøproduksjon slik at ein kan legge kunstsnø i delar bakken på relativt kort tid.

I tillegg til anlegga ovanfor er der ein del tautrekk/ barneheisar lokalisert rundt om i fylket. Pr. d.d. er det registrert 17 tautrekk/ barneheisar i Sogn og Fjordane, dei fleste er etablert i samband med dei større alpinanlegga.

### 3.3 Hopp/kombinert
I Nordfjord er det hoppmiljø kring Nordfjord Fritidssenter og i Hornindal.

Sunnfjord har lite aktivitet, og aktuelle utøvarar trenar og konkurrerar hovudsakleg i Nordfjord.

I Sogn har Hafslo IL og «SognaHopp» god aktivitet.

Tabellen viser dei anlegga som har hatt krins-/ sonerenn dei seinare åra

| Anlegg | Ant. bakkar under K-35 | Ant. bakkar ml. K-35 – K-60 | Ant. bakkar over K-60 | Servicebygg, toalett, dommartårn | Moderne profilar | Trasè for langrenn (kombinert) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Nordfjord Fritidssenter** | 3 | 1 | 2 | Ja | Ja | God |
| **Kvamsbakkane** | 2 | 2 | 0 | Ja | Nei | Nei |
| **Vik Skisenter** | 3 | 2 | 0 | Ja | Ja | God |
| **Kleiva** | 3 | 1 | 0 | Ja | Ja | God |

I Nordfjord Fritidssenter (Bjørkelibakkane) har ein ferdigstilt arbeidet med plastlegging av K-15 og K-40 i juni 2014.

Preparering av anlegga og utstyr til dette arbeidet må vektleggast ved planlegging og utbetring anlegg, saman med plastlegging av mindre hoppbakkar.

## 4. UTBYGGINGSBEHOV / KVALITETSKRAV FOR DRIFT

### 4.1 Langrenn
Det er lite behov for nye langrennsanlegg, utfordringa ligg i høve til rehabilitering/ utbetring og drift av eksisterande anlegg. Her tenkjer ein først og fremst på utbetring av trasear (planering, løypeprofilar, breidde osv.), stadionområde samt etablering av fleire rulleskiløyper i fylket.

Ved utvikling av langrennsanlegg må anleggseigarane prioritere å legge til rette traséane slik at dei toler mildvêr. Dvs. svært god grøfting/ drenering, samt å nytte flisdekke eller tilsvarande som toppdekke i delar av traséen. Elles må langrennsanlegga vidareføre arbeidet

med å skifte ut pcb-haldige lysarmatur. Her finst det også gode støtteordningar som anleggeigarane kan nytte (ref. fylkeskommunen/ kulturdepartementet).

Vidare må fleire anlegg vurdere å utarbeide kvalitetskrav for drift av eige anlegg (løypenett). Kvalitetskrava kan vere innretta i høve til tidspunkt og generell kvalitet i høve til preparering. Ein kan også vurdere å stipulere tal dagar pr. veke anlegget skal preparerast. Norges Skiforbund har elles «opplæringskompendie» som kan vere ei god rettesnor når det gjeld kvalitetskrav for drift av langrennsanlegg.

Erfaringane og problematikken rundt etablering av anlegg for snøproduksjon har vist at dette kan vere ressurskrevjande, men også heilt naudsynt for å sikre stabile langrennsforhold. Over fleire år, og i heile dette årtusen, har det vore fleire sesongar med driftsutfordringar for mange anlegg enn dei snøsikre vintrane. Snøgrensa har trekt seg oppover. Kunnskapen er etter kvart så stor at ein framover i mykje større grad enn tidlegare kjem til å setje krav til høgdemeter, snøsikker infrastruktur som veg, vasstilhøve for snøproduksjon i høve til spelemidlar og utbyggingsbehov.

Anleggskomiteen ynskjer å dele anlegga inn i fire kategoriar, der det følgjer ein del krav i kvar kategori.

1. **Anlegg for nasjonale- og internasjonale arrangement**
   Krav: Homologerte traséar, varierte moderne løyper for begge stilartar (breidde, overflateplanering, "ingen staup", ulike distansar, m.m.), stadionområde, moderne servicebygg, publikumsfasilitetar (parkering, kafe osv).

2. **Prioriterte anlegg for krinsmeisterskap**
   Krav: Varierte moderne løyper for begge stilartar (breidde, overflate planering, «ingen
   staup», ulike distansar m.m.) som stettar krava til homologering, stort stadionområde, moderne servicebygg, pubilkumsfasilitetar (parkering, kafé osv.)

3. **Anlegg med godkjent standard for renn på krinsnivå**
   Krav: Gode trasear for klassisk eller friteknikk, hus for arr. og løparar.

4. **Sonerenn/ lokale renn**
   Krav: Funksjonelle anlegg som stettar behovet i lokal området.
   Desse vert ikkje nemnde i tabellen.

**Utbyggingsbehov**
I tabellen har ein kommentert behovet for endringar i anlegga.

| Anlegg | Kat. 1 | Kat. 2 | Kat. 3 | Endringar som bør gjerast i anlegget / kommentar |
|---|---|---|---|---|
| Ullsheim Skisenter | X | | | Utbetre anlegg for snøproduksjon. Oppgr. av anlegget i høve til aktuelle meisterskap (primært løypebreidde). |
| Tua Skisenter | | X | | Breiare trasear og betring av lysforholda. Etablere anlegg for snøproduksjon. |
| Vik Skisenter | | X | | Utbetring av parkeringsområde og lagerbygg. Etablere anlegg for snøproduksjon. |
| Langeland Skisenter | | X | | Leggje til rette for bruk av trasear i høgare område. Utbetre smørjebu og leggje til rette for eit meir funksjonelt skileikområde. Etablere rulleskianlegg og arenabygg. |

| Anlegg | Kat. 1 | Kat. 2 | Kat. 3 | Endringar som bør gjerast i anlegget / kommentar |
|---|---|---|---|---|
| Sogn Skisenter | | X | | Utbygging av garderobeanlegg. Utbetre stadionområde m/ bygg for renntekniske funksjonar. Delvis nye trasear. Etablere rulleskianlegg og utbetre anlegg for snøproduksjon. |
| Seimsåsen Skisenter | | X | | Ingen større utbetringar. |
| Sogndal Skisenter | | X | | Flytte/ utbetre stadionområde m/ sprintløype. Nytt arenabygg, flytting av eksisterande løyper, etablere rulleskianlegg. |
| Kleivane Skisenter | | X | | Etablere garderobeanlegg, anlegg for snøproduksjon og rulleskianlegg. |
| Høgdene Skisenter | | | X | Nytt start og målområde, etablere servicebygg, breiare og meir varierte trasear. Vurdere anlegg for snøproduksjon. |
| Harpefossen Skisenter | | | X | Servicebygg, smørjebod og parkeringsplass. Oppgradering av lysanlegget. |
| Kleppa Skisenter | | | X | Overflateplanering, flytting av startområde |
| Nordfjord Fritidssenter | | | X | Ingen større endringar |
| Humlestølen Skisenter | | | X | Servicebygg. |
| Hornindal Skisenter | | | X | Ingen større endringar. |
| Breimsbygda Skisenter | | | X | Oppjustering til rundløype (lysløype), sprintløype og skileikanlegg. |
| Jølster Skisenter | | | X | Utvikle trasear, stadionområde og servicebygg. |

## 4.2 Alpint

4.2.1 Vèr- og klimautfordringar

Over fleire år, og i heile dette årtusen, har det vore fleire sesongar med driftsutfordringar for mange anlegg enn dei snøsikre vintrane. Snøgrensa har trekt seg oppover. Vestlandsforsking vil i løpet av våren presentere resultatet av klimaforsking kring alpinanlegg. Kunnskapen er likevel så stor at ein framover i mykje større grad enn tidlegare kjem til å setje krav til høgdemeter, snøsikker infrastruktur som veg, vasstilhøve for snøproduksjon i høve til spelemidlar og utbyggingsbehov.

4.2.2 Større alpinanlegg

Anleggskomiteen ynskjer å dele anlegga inn i tre kategoriar, der det følgjer ein del krav til kvar kategori.

1. **Anlegg for nasjonale- og internasjonale arrangement**
   Krav: FIS godkjende trasear, homologert, varierte moderne trasear for SG, SSL og SL. Målområde, moderne servicebygg, publikumfasilitetar (parkering, kafé etc.)

2. **Prioriterte anlegg for krinsmeisterskap**
   Krav: Varierte trasear for SSL og SL som stettar krav til homologering, moderne servicebygg, publikumsfasilitetar (parkering, kafé etc.)

3. **Sonerenn/ lokale renn**
   Krav: Funksjonelle anlegg som stettar behovet i lokal området
   Desse vert ikkje nemnde i tabellen.

**Utbyggingsbehov**

| Anlegg | Kat. 1 | Kat. 2 | Kat. 3 | Endringar som bør gjerast i anlegget / kommentar |
|---|---|---|---|---|
| Sogn Skisenter | X | | | Utbygging av garderobe i samband med servicebygg. Gjere delar av traseane breiare. |
| Harpefossen Skisenter | X | | | Utbetring jamfør «masterplan» for anlegget. |
| Jølster Skisenter | X | | | Bakkeplanering/ sikring av farts trasé, utviding av anlegg for snøproduksjon, ny heis i øvre del. |
| Sogndal Skisenter | | X | | Bakkeplanering, etablering av anlegg for snøproduksjon. Servicebygg og lyssetting av traséar i Rindabotn. |
| Stryn Skisenter | | X | | Bakkeplanering og utviding av anlegg for snøproduksjon. |
| Sunnfjord Skisenter | | X | | Utvide kapasitet for snøproduksjon, grunnplanering av trasear, sikre drenering i nedre delar av anlegget. Servicebygg. |
| Hornindal Skisenter | | X | | Ingen større endringar |
| Breimsbygda Skisenter | | X | | Bør vurdere snøproduksjon (evt. snøfangarar) |

Det er høg investeringsvilje i Sogn og Fjordane, og anleggseigarane/ kommunane må gjere ei grundig vurdering m.o.t. aktuelle investeringar i høve til driftsgrunnlag. Å sikre ei god drift i anlegga er i mange samanhengar viktigare enn å arbeide for store utbyggingar. Vidare presiserar ein at anlegg som er realisert ved hjelp av spelemidlar, først og fremst er til for den aktive idretten, samt eigenorgaisert aktivitet for barne- og ungdomssegmentet.

4.2.3 Mindre alpinanlegg

Mindre heisar, dvs heisar under 100 høgde meter og skiheisar i skileikanlegg er noko ein bør satse på. Desse heisane skapar stor aktivitet i forhold til kostnadane med å bygge og drive dei. Desse bør ein legge i samband med eksisterande skianlegg, t.d. langrennsarenaer og andre større utfartsstadar for ski.

4.2.4 Sikkerheitsutstyr

M.o.t. gjennomføring av konkurransar/ trening i fartdisiplinane er det etter kvart blitt behov for meir og betre sikringsutstyr (nett etc) i krinsen. Anleggskomiteen vil difor i lag med alpinkomiteen arbeide for at det blir etablert depot for sikringsnett i prioriterte anlegg i krinsen.

## 4.3 Hopp- og kombinert

Gode og mindre hoppbakkar er den største utfordringa for hoppsporten på anleggssida. Dette gjeld særleg bakkar opp til K-45. Vi prioriterer at det blir bygt mindre hoppbakkar opp til K-20, i og med dei får støtte etter satsane for nærmiljøanlegg (50% tilskot). I tillegg må ein legge til rette for mindre tautrekk i bakkane, slik at hoppinga blir effektiv.

Vidare må ein hugse at ferdigheitene til dei unge hopparane utviklar seg raskt, slik at ein også treng bakkar opp til K-45. Først og fremst bør desse komme i tilknyting til alpinanlegg og eksisterande skiarenaer. Å bygge nye bakkar utanfor eksisterande anlegg er ikkje aktuelt. Vi prioriterer dette framfor andre utbyggingar.
Bortsett frå ved flytting av hoppaktivitet i Kvam til Sogn Skisenter (Hafslo) ser ein ikkje for seg nye bakkar over K-40 i komande planperiode.

Generelt må anleggseigarane legge vekt på å få til moderne anlegg. Med moderne anlegg meinar ein gode profilar, utstyr til preparering og ikkje minst skitrekk til bakkane. Skal ein vidareutvikle hopp- og kombinertaktiviteten må ein få ned arbeidsinnsatsen rundt prepareringa, i tillegg er det viktig at ein kan hoppe med ein viss effektivitet.

Det er også viktig å stimulere til samarbeid mellom greinene hopp, kombinert og langrenn slik at det blir flest mogleg kompaktanlegg, der hoppdelen og langrennsdelen kan gjennomførast i nærleiken av kvarandre. Dette gjeld anlegg i alle størrelsar, også sommaranlegg (plastbakkar og rulleski- rulleskiløyper).

Anleggskomiteen ynskjer å dele anlegga inn i to kategoriar:

1. **Anlegg for nasjonale renn**

2. **Prioriterte anlegg for krinsmeisterskap og fylkescup' ar**

### Utbyggingsbehov

| Anlegg | Kat. 1 | Kat. 2 | Endringar som bør gjerast i anlegget / kommentar |
|---|---|---|---|
| Nordfjord Fritidssenter | X | | Porselenspor i K-70 og K-90 (varmekablar). |
| Kvamsbakkane | | X | Anlegget skal flyttast til Sogn Skisenter.<br>Anlegget blir oppgradert til kat. 1 ved flytting. |
| Vik Skisenter | | X | Bygging av dommartårn og plastlegging i delar av bakkane. Tautrekk. |
| Kleivabakkane | | X | Maskinelt prepareringsutstyr i ovarennet til K52. Tautrekk. |

### 4.4 Skileikanlegg

Godt tilrettelagde skileikanlegg med eit mangfald av element og utfordringar nær bustadområde og skular vil vere viktige i arbeidet med å få fleire med i skiaktivitetar og i rekrutteringsarbeidet for skiidretten. Avgjerande er snø og lys. Lys er det mogleg å løyse på ein rimeleg måte. Det er verre med snø. Men etterkvart har det kome snøproduksjonsanlegg også for små anlegg.

Ved utbygging av skileikanlegg i større anlegg som allereie har snøproduksjon, må ein også kunne legge snø i skileikanlegget. I reine skileikanlegg bør ein evt. vurdere mindre snøproduksjonsanlegg.

I perioden må ein ha som målsetting at alle større utfartsområde for ski skal ha eit skileikanlegg, som er bearbeida i naturen med ulike moment.

Alle kommunar bør utfordrast til å bygge skileikanlegg i bustadområde og ved skular. Men ein må vere realistiske i forhold til snøforholda på dei ulike plassane. På plassar med lite snø bør ein tenkje kombianlegg som kan brukast sommar og vinter (sykkel, rulleskøyter og andre idrettar).

Opplegg for preparering og utstyr er også viktig når det vert lagt planar for skileikanlegg. Det bør difor leggast endå større vekt på driftssida når slike anlegg vert planlagt og skal godkjennast.

# 5. HANDLINGSPLAN

Det er laga ein prioritert plan for nyanlegg og ein for rulleskiløyper. Vidare er det laga greinvise handlingsplanar for rehabilitering av anlegg. I handlingsplanen er hovudvekta lagt på rehabilitering av anlegg.

## 5.1 Nye anlegg

| Kommune | Stad for anlegg | Innhald i anlegg | Pri. | Kommentar |
|---|---|---|---|---|
| **Hopp/komb.** | | | | |
| Førde | Førde/ Hafstadparken | Nye plastbakkar K10/ K20 | 1 | |
| Stryn | Stryn sentrum | Nye plastbakkar K10 / K20 | 2 | |
| Luster | Heggmyrane (Sogn Skisenter) | Nye bakkar for K45 og K70 m.m. Plastlegging i heile anlegget. | 3 | Erstattar noverande hoppanlegg i Kvam |
| **Alpint** | | | | |
| Sogndal | Sogndal Skisenter | Bakkeplanering, etablering av anlegg for snøproduksjon. Servicebygg og lyssetting av traséar i Rindabotn. | 1 | |
| Jølster | Jølster Skisenter | Ny heis for 500 til 1000 moh. Utviding av snøproduksjonanlegg | 2 | |
| Førde | Sunnfjord Skisenter | Snøproduksjonsanlegg og servicebygg. | 3 | |

## 5.2 Nærmiljøanlegg / skileikanlegg.

Skikrinsen ynskjer ikkje å gjere ei prioritering mellom skileikanlegga, sidan alle anleggseigarar får midlar til denne type anlegg (i alle fall pr. i dag).

## 5.3 Rulleskiløyper

For å bli prioritert i høve til Norges Skiforbund sine programsatsingsmidlar til føremålet må søknadane først og fremst stette krava til Kulturdepartementet.

| Kommune | Stad for anlegg | Innhald i anlegg | Pri. | Kommentar |
|---|---|---|---|---|
| Luster | Heggmyrane | Rulleskiløype, asfalt | 1 | |
| Sogndal | Hodlekve | Rulleskiløype, asfalt | 2 | |
| Gloppen | Kleivane | Rulleskiløype, asfalt | 3 | |

## 5.4 Rehabilitering

| Alpint | Stad for anlegg | Behov for endring | Pri | Kommentar |
|---|---|---|---|---|
| Sogndal | Sogndal Skisenter | Drenering og planering av trasèar. | 1 | |
| Jølster | Jølster Skisenter | Bakkeplanering, sikring av fartstrasé. Utvide kapasitet for snøproduksjon. | 2 | |
| Gloppen | Breimsbygda Skisenter | Snøproduksjon og evt. snøfangarar | 3 | |
| Førde | Sunnfjord Skisenter | Utvide kapasitet for snøproduksjon, grunnplanering av trasear, sikre drenering i nedre delar av anlegget. Servicebygg. | 4 | |
| Luster | Sogn Skisenter | Utbygging av garderobe i samband med servicebygg. Trasèar. | 5 | |
| Eid | Harpefossen Skisenter | Utbetring jf. «masterplan» for anlegget. | 6 | |

| **Hopp/komb.** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Stryn | Bjørkelibakkane | Porselenspor i K-70 og K-90. Tautrekk i småbakkane. | 1 | |
| Førde/Gaular | Kleiva | Porselenspor i K-52. Tautrekk. | 2 | |
| Vik | Vik Skisenter | Bygging av dommartårn og plastlegging i delar av anlegget. Tautrekk. | 3 | |
| **Langrenn** | | | | |
| Sogndal | Hodlekve Skisenter | Flytte stadionområde m/ løypenett til Rindabotn. | 1 | |
| Luster | Sogn Skisenter | Garderobeanlegg. Nytt stadionområde m/ teknisk bygg, nye trasèar. | 2 | |
| Gloppen | Kleivane Skisenter | Etablere garderobeanlegg, anlegg for snøproduksjon og rulleskianlegg. | 3 | |
| Førde | Langeland Skisenter | Utbetring av stadionområde, leggje til rette for bruk av trasear i meir snøfaste område. Utbetre smørjebu og leggje til rette for eit meir funksjonelt skileikområde. Arenabygg. | 4 | |
| Gloppen | Høgdene Skisenter | Nytt start og målområde, nytt eller rehabilitering av servicebygg, breiare og meir varierte trasear, ny løypetr. utan lys. | 5 | |
| Vik | Vik Skisenter | Utbetring av parkeringsområde | 7 | |
| Eid | Tua Skisenter | Breiare trasear og betre lysforhold | 8 | |
| Leikanger | Kleppa | Overflateplanering, flytting av stadionområde. | 9 | |

Ei eingongsløyving til mindre rehabiliteringsprosjekt bør først og fremst dekke mindre traseèndringar/utvidingar og enkle serviceanlegg (t.d. tidtakarbu/smørjebu).

Sogn og Fjordane Skikrins

-anleggskomiteen-

# LOV FOR SOGN OG FJORDANE SKIKRINS

Lov for Sogn og Fjordane Skikrins skipa 10.03.1923

Vedteken på krinstinget 10. juni 2006.
Godkjent av skistyret den 26.04.2007 jf. delegasjonsvedtak i Idrettstyret.

## § 1 Føremål

Sogn og Fjordane Skikrins sitt føremål er å arbeide for skiidretten si utvikling innan krinsen, og fremme samarbeidet med idrettslaga. Sogn og Fjordane Skikrins skal hjelpe Norges Skiforbund (NSF) i alle spørsmål som gjeld skiidretten innan krinsen.

Arbeidet skal pregast av frivilligheit demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal bygge på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

## § 2 Organisasjon

Sogn og Fjordane Skikrins er sett saman av alle idrettslag innan skikrinsen sine grenser som er medlem av NSF si lov § 3 og § 40.

Alle idrettslag i krinsen pliktar å rette seg etter NIF, NSF og skikrinsen sine lover og retningslinjer.

Gjennom Norges Skiforbund er skikrinsen eit organisasjonsledd innanfor Norges Idrettsforbund og Olympiske Komite (NIF), og underlagt NIF og NSF sine lover og bestemmelsar.

Skikrinsen er den faglege myndigheit under NSF innan skikrinsen sine grenser.
Saker av felles interesse for idretten, skal fremjast for idrettskrinsen.

Reglane i NIF si lov kapittel 1, 2, 7, 11, 12, 13, og 14 gjeld skikrinsen uavhengig av kva som måtte stå i skikrinsen si lov.

## § 3 Skikrinsen sine oppgåver

Skikrinsen skal:
1. Representere NSF og bistå i saker knyta til skiidretten.
2. Stimulere til samarbeid mellom idrettslag som driv skiidrett. Hjelpe idrettskrinsen i spørsmål av felles interesse for fleire idrettar.
3. Gjennomføre NSF sin strategiske plan innanfor skikrinsen sine grenser og myndigheitsområde.
4. Godkjenne terminlista med renn, disiplinar og renndato, samt oppnevne dommarar/ teknisk delegerte (NSF/TD), i samsvar med gjeldande reglement for renn.
5. Syte for skifagleg utdanning i samsvar med NSF sine planar.
6. Syte for gjennomføring av krinsmeisterskap, samt stimulere til annan idrettsleg verksemd med størst mogleg variasjon og omfang.
7. Gje fagleg bistand ved planlegging og bygging av skianlegg.
8. Avgje årsmelding og rekneskap innan fastsatte fristar, og søkje om økonomisk støtte hjå NSF og idrettskrins.

**§ 4 Kontingent til skikrinsen**

Kontingenten til skikrinsen blir fastsett av skikrinstinget, og blir betalt på forskot. Idrettslag som skyldar kontingent for meir enn eit år, har ikkje stemmerett eller andre rettigheiter på skikrinstinget. Krinsstyret kan råde NIF og NSF til at idrettslaget mistar sitt medlemskap.

Reglane i NIF si lov § 10-2 (”Tap og gjenopptakelse av medlemskap”) gjeld tilsvarande.

**§ 5 Tillitsvalde sin godtgjersle**

Tillitsvalde kan ta i mot refusjon for nødvendige, faktiske utgifter, inkludert tapt arbeidsforteneste, som vedkommande får i samband med utføring av vervet.

Tillitsvalde kan ta i mot eit rimeleg honorar for sitt arbeid.

Ugifter for tapt arbeidsforteneste og for godtgjersle etter forrige avsnitt skal gå fram av budsjett og rekneskap.

Skikrinstyret fastset kven som skal ha slik godtgjersle.

**§ 6 Inhabilitet**

For skikrinsen sine tillitsvalde, personar oppnemde til verv og tilsette, gjeld NIF sine habilitetsreglar, jfr. NIF si lov § 2-7.

**§ 7 Straffebestemmelsar, dopingreglar, diskvalifikasjonar, sjølvdøme**

1. Straffebestemmelsar

For alle straffesaker gjeld NIF si lov kapittel 11 (NIF sine ”Straffebestemmelsar”).
For alle dopingsaker gjeld NIF si lov kapittel 12 (”Bestemmelsar om doping”).
Forøvrig gjeld FIS og NSF sine reglement for renn, samt FIS sine dopingreglar og andre FIS bestemmelsar

2. Sjølvdøme og idretten sin voldgiftsrett

Tvistar med knytning til skikrinsen og underordna organisasjonsledd skal med endeleg verknad løysast innan NSF sine styrande og dømmande organ, i dopingsaker innan NIF sine dømmande organ, jfr. NIF si lov § 11 – 10 (”Organisasjonsleddenes kompetanse”), pkt. c – sjå også NIF si lov § 2 – 17 (”Selvdømme”) og § 2 – 18 (”Idrettens voldgiftsrett”).

**§ 8 Skikrinstinget**

Skikrinsen sitt høgste styringsorgan er skikrinstinget som skal haldast anna kvart år innan utgangen av mai i år det det ikkje blir holdt Skiting, jfr. § 13. Skikrinstinget kan med 2/3 fleirtal vedta å halde ting kvart år.

Skikrinsstyret kallar inn skikrinstinget med minst 1 månads varsel, direkte til idrettslaga. Ved innkalling skal det presiserast at delegasjonar skal vere samansett i henhold til NIF si lov § 2-4 (”Kjønnsfordelding”).

Framlegg som skal handsamast på tinget må vere sendt styret seinast 2 veker før tinget. Fullstendig sakliste med framlegg må vere sendt ut seinast 1 veke før tinget.

Tinget er vedtaksført med det tal godkjende stemmer som møter, jfr. NIF si lov § 2 – 5 (”Stemmerett, valgbarhet med mer”).

På tinget kan det ikkje handsamast framlegg om lovendring som ikkje er ført opp på den utsende saklista. Andre saker kan handsamast og avgjerast når 2/3 av dei godkjende stemmene krev det. Slikt vedtak kan gjerast berre i høve vedtak om godkjenning av saklista.

**§ 8 Sogn og Fjordane Skikrins sine organ**

Sogn og Fjordane Skikrins sine organ er:

1. Skikrinstinget
2. Skikrinsstyret
3. Komiteane for aktuelle skidisiplinar

**§ 9 Representasjon på skikrinstinget**

På skikrinstinget møter med stemmerett:

a) Skikrinsstyret
b) Representantar frå idrettslaga etter følgjande skala:

For medlemstal t.o.m. 50 - 2 representantar
For medlemstal 51 t.o.m. 100 - 3 representantar
For medlemstal 101 t.o.m. 200 - 4 representantar
For medlemstal over 200 - 5 representantar, som er det høgste tal eit lag kan ha.

Ved samanslåing av skikrinsar blir representasjonen fastsett av dei aktuelle skikrinsane.

Vidare møter utan stemmerett, men med tale- og framleggsrett i dei saker som ligg innanfor utvalet/ komiteen sitt arbeidsområde:

a) Leiarane i faglege utval/ komitear, eventuelt nestleiar eller medlem dersom leiar er hindra i møte.
b) Valkomiteen sine medlemer.
c) Revisorar

Representantasjon frå idrettslaga blir fastsett av skikrinstinget etter idrettslaga sine aktivitetstal for ski iht. idrettsregistreringa same år som tinget.

Representantar frå idrettslaga må vere valt på årsmøte eller oppnemnt av styret etter fullmakt frå årsmøte og meldt skikrinsen seinast ei veke før tinget.

Tilsette i skikrinsen kan møte med tale- og framleggsrett.
Skikrinstinget kan vedta at møtet skal lukkast for tilsette og andre utanforståande.

Skikrinsstyret fastset kor stor del av representantane sine reiseutgifter som skal dekkast av skikrinsen.

**§ 10 Leiing av tinget**

Tinget vert leia av valt(e) dirigent(ar).Verken dirigent(ane) eller dei valte sekretærane treng vere valte representantar.

**§ 11 Tinget sine oppgåver**

Skikrinstinget skal:

1. Godkjenne dei frammøtte representantane.
2. Godkjenne innkalling, sakliste og forretningsorden.
3. Velje dirigent(ar), sekretær(ar) samt to representantar til å skrive under protokollen.
4. Handsame årsmelding
5. Handsame rekneskap for skikrinsen i revidert stand.
6. Handsame innkomne framlegg og saker.
7. Fastsetje kontigent.
8. Handsame budsjett og langtidsbudsjett for skikrinsen.
9. Handsame skikrinsen sin handlingsplan som del av gjennomføringa av NSF sin strategiplan.
10. Føreta følgjande val:
    a. Leiar og nestleiar
    b. To styremedlemmer til Arbeidsutvalet
       I tillegg består skikrinsstyret av leiarane i greinkomiteane i skikrinsen.
    c. To revisorar
    d. Leiar, nestleiar og medlemer av komitear for dei skidisiplinar som har aktivitet i skikrinsen jfr. § 17.
    e. Representantar til Skitinget og Idrettskrinsting.
    f. Valkomite med leiar, to medlemmer og eit varamedlem for neste skikrinsting.

Leiar og nestleiar vert valt enkeltvis. Dei øvrige medlemene til styret blir valt samla.

Ved val skal det veljast kandidatar/ representantar frå begge kjønn. Samansetninga skal vere i høve til kjønsfordelinga i medlemsmassen, likevel slik at det skal vere minst to representantar frå kvart kjønn. I råd og utval som består av 2 eller 3 medlemer skal begge kjønn vere representert.

Valet skjer etter vedtak i NIF si lov § 2–11.

Tillitsvalt kan ikkje vere arbeidstakar innan same organisasjonsledd, utan at Idrettstyret gjev dispensasjon.

**§ 12 Stemmegjevning på skikrinstinget**

Med mindre noko anna er fastlagt skal eit vedtak for å vere gyldig vere gjort med vanleg fleirtal av dei avgitte stemmene.

Alle val skal vere skriftleg, dersom det føreligg meir enn eitt framlegg.
Berre føreslegne kandidatar kan førast opp på stemmesetelen. Stemmesetlar som er blanke, eller som inneheld ikkje føreslegne kandidatar, eller anna antal kandidatar enn det som skal veljast, tel ikkje og stemmene vert rekna som ikkje avgitte.
Når eit val vert halde enkeltvis og ein kandidat ikkje oppnår meir enn halvparten av dei avgitte stemmene, skal det vere bunde omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer. Står kandidatane likt etter omvalet, vert valet avgjort ved loddtrekning.

Når fleire skal veljast ved ei røysting, må alle ha meir enn halvparten av dei avgitte stemmene for å vere valde. Dette gjeld ikkje ved val av vararepresentantar. Om ikkje mange nok kandidatar får dette i første omgang, reknar ein dei valt som har fått meir enn halvparten av

stemmene. Det vert så bunde omval mellom dei kandidatane som står att, og etter denne røystinga er dei valde som får flest stemmer.
Står nokon lik etter omvalet, vert dette avgjort med loddtrekning.

**§ 13 Ekstraordinært skikrinsting**

Ekstraordinært skikrinsting vert innkalla av skikrinsstyret med minst 14 dagars varsel etter:

a. vedtak av skikrinstinget
b. samrøystes vedtak av skikrinsstyret
c. krav etter vedtak i NSF eller idrettskrins.
d. skriftleg krav frå minst 1/ 4 av idrettslaga i skikrinsen.

Ekstraordinært skikrinsting skal berre handsame dei sakene som er gjort kjent i vedtaket eller i kravet om innkalling av tinget.

**§ 14 Møte / fellesmøte**

Skikrinsen held møte med idrettslaga etter behov og avgjer sjølv arrangementsforma.

**§ 15 Skikrinsstyret**

Skikrinsen vert leia og forplikta av skikrinsstyret som er skikrinsen sitt høgste styringsorgan mellom tinga.

Skikrinstyret er sett saman av leiar, nestleiar, 2 (to) styremedlemmer og leiarane i greinkomiteane i krinsen, valt på skikrinstinget.

Det nye skikrinsstyret trer i kraft etter skikrinstinget.

Det kan setjast ned arbeidsutval til å ta seg av løpande drift.

Styret skal halde møte når leiaren bestemmer det, eller eit fleirtal av styremedlemene krev det.

Styret er vedtaksført når eit fleirtal av styremedlemene er til stades.
Vedtak vert gjort med fleirtal av dei avgitte stemmene. Ved likt stemmetal tel stemma til møteleiaren dobbelt.

Tilsette i skikrinsen kan møte med tale- og framleggsrett.

Skikrinsstyret skal:

1. Setje i verk vedtak og avgjersler som vert gjort av skikrinstinget og overordna idrettsorgan.
2. Føresta skikrinsen sin daglege administrasjon, representere skikrinsen utad og utøve fagleg myndigheit innan skikrinsen sine grenser.
3. Gjennomføre dei saker som er nemnt i § 3.
4. Utvikle skikrinsen sin organisasjon og aktivitetstilbod.
5. Nevne opp anleggsutval, og andre utval etter behov samt utarbeide mandat/ instruks for disse.
6. Vedta budsjett og fordele dei midlar som er til disposisjon
7. Sende årsmelding til Skistyret seinast innan 01. juli kvart år, jfr. NSF si lov § 42.

## § 16 Skikrinsen sine komitear for alpint, hopp- og kombinert og langrenn

Skigreiner med aktivitet i skikrinsen skal ha greinkomitear. Komiteane er rådgjevande organ ovanfor skikrinsstyret. Komiteane er utøvande organ i sine disiplinar innanfor fullmakt og med arbeidsoppgåver vedteke av skikrinsstyret.

## § 17 Samansetjing av greinkomiteane i skikrinsen

Krinsen sine greinkomitear består av leiar, nestleiar og min. 1 (eit) medlem.

Greinkomiteen sin leiar blir valt på skikrinstinget.
Nestleiar og medlem(er) blir valt på skikrinstinget eller blir oppnevnt av skikrinsstyret etter fullmakt frå skikrinstinget.

## § 18 Greinkomiteane sine oppgåver i skikrinsen

Skikrinsen sine greinkomitear rapporterar til skikrinsstyret.

Komiteen sine hovedoppgåver er m.a. :

- rekrutterings-, breidde-, utviklings- og utdanningsarbeid i respektive disiplinar innanfor skikrinsen.
- topp- og elitearbeid i dei respektive disiplinar innanfor skikrinsen

Komiteen sine øvrige oppgåver er m.a.:

1. Utarbeide forslag til handlingsplan og budsjett som godkjennast av skikrinsstyret, og føre kontroll med forbruk av dei midlar skikrinsstyret har gjort vedtak om.
2. Komiteen skal sethe i verk nødvendige justeringar av eiga verksemd iht. til rekneskapsrapportar.
3. Handlingsplan og budsjett skal leggast fram for fagmøte til uttale
4. Syte for samording av terminlista innanfor skikrinsen i vedkommande skidisiplin
5. Syte for uttak av løparar til nasjonale meisterskap i disiplinar der skikrinsane har kvotar
6. Ta ut leiarar til representasjonsoppgåver
7. Arbeide for kurs- og utdanningsverksemd i vedkommande skidisiplin
8. Kom med framlegg om instruksar for trenarar og leiarar til skikrinsstyret.
9. Kome med framlegg om arrangørar av krinsmeisterskap for skikrinsstyret.
10. Kome med framlegg om teknisk delegerte (NSF/ TD) og dommarar i samsvar med gjeldande reglement for renn, og eventuelt komiteen sin representant til utvalte renn.
11. Vurdere og kome med framlegg for skikrinsstyret om tiltak som kan bidra til å fremme respektive disiplinar, inkludert anleggsprosjekt.
12. Levere rekneskap og årsmelding til skikrinsstyret innan fastsatte fristar
13. Handsame andre spørsmål som skikrinsstyret pålegg komiteen.

Tilsette i skikrinsen kan møte med tale- og framleggsrett.

## § 19 Fagmøte i skikrinsen sine greinkomitear

Fagmøte er eit rådgjevande organ for skikrinstinget, skikrinsstyret og greinkomiteen i krinsen innanfor komiteen sitt oppgåve – myndigheitsområde.

1. Det blir avvikla fagmøter kvart år innan utgangen av mai, og elles etter behov.

2. Fagmøte kjem med uttale om komiteen si verksemd, økonomi, planar for anlegg, kurs, trenings- og rennaktivitet.
3. Fagmøta kan kome med framlegg til valkomiteen på kandidatar til komiteen sin leiar, nestleiar og medlemmer.
4. På fagmøta møter med stemme- og forslagsrett medlemane av greinkomiteen i vedkommande skidisiplin og minst ein representant for kvart idrettslag med aktivitet i skidisiplinen. Tal representantar frå idrettslaga blir fastsett av skikrinstinget.

Ved samanslåing av skikrinsar blir representasjon fastsett av dei ulike skikrinsane.

Representasjon frå idrettslaga blir fastsett av skikrinstinget etter idrettslaga sine aktivitetstal for vedkommande skidisiplin iht. idrettsregistreringa same år som fagmøte.
Trenarar, dommarar, teknisk delegerte og andre som utøver organisert aktivitet innanfor skidisiplinen kan også møte på fagmøte med tale- og framleggsrett.

Skikrinsstyret fastset kor stor del av representantane sine reiseutgifter som skal dekkast av skikrinsen.

**§ 20 Andre utval og komitear i skikrinsen**

Skikrinsen skal ha følgjande faste utval / komitear:

1. Valkomite

Skikrinsen sin valkomite blir valt på skikrinstinget på fritt grunnlag, etter innstilling frå styret. Valkomiteen skal leggje fram innstilling på kandidatar til alle tillitsverv som skal veljast på skikrinstinget.

Andre faglege utval og komiteear iht. til § 15 nr. 5

**§ 21 Lovendring**

Lovendring skal berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært skikrinsting etter å ha vore ført opp på saklista, og krev 2/3 fleirtal av stemmene.

Lovendringar må godkjennast av Skistyret iht. delegasjonsvedtak i Idrettstyret, jfr. NSF si lov § 43, og trer ikkje i kraft før dei er godkjende.

Lovendringar gjort av Idrettstinget, som har konsekvensar for skikrinsen, trer i kraft umiddelbart.

**§ 22 Oppløysing av skikrinsen**

Skikrinsen kan berre oppløysast av Skistyret.

Skistyret har myndigheit til å føreta samanslåing av særkrinsar, jfr. NSF si lov § 40. Samanslåing er ikkje oppløysing.

I fall oppløysing eller anna nedlegging av skikrinsen, skal krinsen sitt eige førast over til Norges Skiforund eller føremål godkjent av Skistyret.

NORGES SKIFORBUND

SOGN OG FJORDANE SKIKRINS

# SKIKRINSTINGET

## 17. JUNI 2017

**Thon Jølster Hotell**
**Skei**

# LOV FOR SOGN OG FJORDANE SKIKRINS

Framlegg til Skikrinstinget 2017

# LOV FOR SOGN OG FJORDANE SKIKRINS

Skipa 10.03.1923.
Vedtatt av Skikrinstinget 17.06.2017, godkjent av NSF (dato).

Vedtatt av Skistyret 26. april 2017, jf. NIF si lovnorm for særkrinsar/ regionar vedtatt av Idrettsstyret 22. oktober 2015.

## I. INNLEIANDE REGLAR

### §1 Føremål

(1) Skikrinsen sitt føremål er å arbeide for skiidretten si utvikling innan krinsen, samt fremme samarbeidet med idrettslaga. Skikrinsen skal bistå Norges Skiforbund (NSF) i alle spørsmål som gjeld skiidretten innan krinsen.

(2) Arbeidet skal vere prega av frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal bygge på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

### §2 Organisasjon

(1) Skikrinsen er oppretta av NSF og består av alle idrettslag innan skikrinsen sine grenser som er medlem av NSF. Skikrinsen sine grenser vert fastsett av NSF. Skikrinsen sine grenser treng ikkje følgje dagens fylkesgrenser.

(2) Gjennom NSF er skikrinsen eit organisasjonsledd innanfor Norges idrettsforbund og olympiske og paraolympiske komitè (NIF). Skikrinsen er den faglege myndigheit under NSF innan krinsen sine grenser.

(3) Skikrinsen skal følgje NIF og NSF sine regelverk og vedtak. NIF og NSF sine regelverk gjeld for skikrinsen uavhengig av kva som måtte stå i skikrinsen si eiga lov.

(4) Saker av felles interesse for idretten, bør leggast føre idrettskrinsen.

### §3 Oppgåver

Skikrinsen skal m.a.:

a) Representere og førestå NSF i saker knytt til den enkelte idrett.
b) Stimulere til samarbeid mellom idrettslaga som driv skiidrett. Førestå idrettskrinsen i spørsmål av felles interesse for fleire idrettar.
c) Godkjenne krinsen si terminliste med renn, greiner og datoar for renn, samt oppnevne dommarar/ teknisk delegerte (NSF/ TD), i samsvar med gjeldande rennreglement.
d) Førestå skiidrettsfagleg utdanning i samsvar med NSF sine planar.
e) Syte for gjennomføring av krinsmeisterskap, samt stimulere til anna idrettsleg verksemd med mest mogleg variasjon og omfang.
f) Gje fagleg bistand ved planlegging og bygging av idrettsanlegg.
g) Legge fram årsmelding og rekneskap innan fastsette fristar, og søke om økonomisk støtte frå NSF og idrettskrins.
h) Gjennomføre NSF sin strategiske plan innanfor skikrinsen sine grenser og myndigheitsområde.

### §4 Kontingent

(1) Kontingenten og avgifter til skikrinsen vert fastsett av skikrinstinget og betalast på førehand.

(2) Skyldig kontingent/ avgift fører til tap av stemmerett og andre rettigheiter på Skikrinstinget.

Skikrinsstyret kan råde NSF at lag, som skyldar kontingent eller avgift for meir enn eitt år, mistar sitt medlemskap[1] i NSF.

## II. TILLITSVALTE OG TILSETTE

### §5 Kjønnsfordeling

(1) Ved val/ oppnemning av styre, råd, utval/ komité mv. og ved representasjon til årsmøte/ Skikrinsting, skal begge kjønn vere representert. Samansetjinga skal samsvare i høve til kjønnsfordelinga i medlemsmassen, likevel slik at ved val/ oppnemning av meir enn tre personar, skal det veljast/ oppnemnast minst to personar frå kvart kjønn. Regelen gjeld også der det blir valt meir enn eitt varamedlem. Tilsette sin representant tel ikkje med ved utrekning av kjønnsfordelinga.

(2) Ved val/ oppnemning til styre/ råd/ utval/ komité mv. i strid med regelen, skal styret innan ein månad etter årsmøte/ Skikrinstinget sende ut innkalling til ekstraordinært årsmøte, der nytt val vert gjort. Eksisterande medlemar i det aktuelle styret, komiteen mv. blir sitjande til nytt styre, komité er valt/ oppnemnt.

(3) Ved representasjon må delegasjonen som faktisk møter tilfredsstille regelen, om ikkje mistar organisasjonsleddet talet på representantar som manglar for å oppfylle regelen.

(4) Idrettsstyret kan pålegge organisasjonsledd å oppfylle regelen, samt å innkalle til nytt årsmøte/ Skikrinsting eller foreta ny oppnemning.

(5) Idrettsstyret[2] kan, når det føreligg særlege tilhøve, gje dispensasjon frå denne regelen. Det skal så langt som råd søkjast om dispensasjon på førehand. Søknad om dispensasjon må vere sendt til det organ som avgjer dispensasjonssøknaden innan 14 dagar etter årsmøtet/ Skikrinstinget. Dispensasjonen kan berre gjevast for ein valperiode/ oppnemning av gangen.

### §6 Generelle reglar om stemmerett, kven som kan veljast, forslagsrett mv.

(1) For å ha stemmerett og kunne veljast må ein vere fylt 15 år, vore medlem av eit idrettslag tilslutta skikrinsen i minst ein månad, og ha oppfylt medlemskrava jf. NIF lov § 10-4. Det same gjeld der ein person skal oppnemnast som representant til årsmøte/ ting i overordna organisasjonsledd. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt.

(2) Ein person kan ikkje samstundes ha meir enn eit av følgjande verv i skikrinsen; medlem av styret, valkomité, kontrollkomité, revisor.

(3) Forslagsrett:

a) Styret i skikrinsen har forslagsrett til og på Skikrinstinget.

b) Eit organisasjonsledd med rett til representasjon har forslagsrett til Skikrinstinget, og representant (ar) til organisasjonsledd med rett til representasjon har forslagsrett på Skikrinstinget.

c) Komité/ utval jf. § 14 (3), har forslagsrett til Skikrinstinget i saker som ligg innanfor komiteen/ utvalet sine arbeidsområde, og komiteen/ utvalet sin (e) representant (ar) har forslagsrett på Skikrinstinget innanfor komiteen/ utvalet sine arbeidsområde.

---

[1] Med skyldig kontingent for meir enn eitt år meiner ein kontingent som er forfalt til betaling i tingperioden.

[2] Myndigheit er delegert i høve til NIF sitt delegasjonsreglement

(4) Talerett[3]

a) Revisor har talerett på Skikrinstinget i saker som ligg innanfor sitt arbeidsområde.

b) Representant frå overordna organisasjonsledd har talerett på Skikrinstinget.

c) Komité/ utval jf. § 14 (3), har talerett på Skikrinstinget i saker som ligg innanfor komiteen/ utvalet sine arbeidsområde, og komiteen/ utvalet sin (e) representant (ar) har talerett på Skikrinstinget innanfor komiteen/ utvalet sine arbeidsområde.

## §7 Representasjonsrett og vilkår for val av arbeidstakar og oppdragstakar

(1) Arbeidstakar i skikrinsen kan ikkje veljast til styre, råd, utval/ komité mv. i skikrinsen eller overordna organisasjonsledd. Tillitsvalt som får relevant tilsetjing i skikrinsen, pliktar å gå ut av tillitsvervet, når ein tek til i stillinga, og kan ikkje gå inn att før tilsetjingstilhøvet er avslutta.

(2) Ein arbeidstakar i skikrinsen kan ikkje veljast eller oppnemnast som representant til årsmøte/ ting eller leiarmøte i overordna organisasjonsledd. Det kan heller ikkje veljast eller oppnemnast representant som er arbeidstakar i det organisasjonsledd representasjonen skjer.

(3) Regelen vert brukt tilsvarande på ein person som har oppdragsavtale som kan samanliknast med eit tilsetjingstilhøve.

(4) Regelen er ikkje til hinder for at skikrinsen gjev dei tilsette rett til å oppnemne tilsette sin representant (er) til skikrinsen sitt styre.

(5) Ein person som er valt eller oppnemnt i strid med regelen vert ikkje sett på som valt eller oppnemnt.

(6) Idrettsstyret [4] kan, når det ligg føre særskilte høve, gje dispensasjon frå denne regelen. Det skal så langt som råd er søkjast om dispensasjon på førehand. Det er berre mogleg å gje dispensasjon for ein valperiode/ oppnemning av gangen.

## §8 Representasjonsrett og vilkår for val av andre personar med tilknyting til skikrinsen

(1) Ein person som har avtale med skikrinsen som gjev vedkommande ei økonomisk interesse i drifta av skikrinsen, kan ikkje veljast til verv i styre, råd, utval/ komité i skikrinsen eller overordna ledd. Det same gjeld styremedlem, tilsett eller aksjonær med vesentleg innverknad, i ein juridisk person som har slik avtale nemnt i første setning. Avgrensinga gjeld ikkje for styremedlem oppnemnt av skikrinsen. Tillitsvalt som får ein slik avtale, styreverv, tilsetjing eller eigardel, pliktar å gå ut av tillitsvervet ved tiltreding i stillinga, og kan ikkje gå inn att før tilsetjingstilhøvet er avslutta.

(2) Person som i høve til første ledd ikkje kan veljast, kan heller ikkje veljast eller oppnemnast som representant til årsmøte/ ting eller leiarmøte i overordna organisasjonsledd. Det kan heller ikkje veljast eller oppnemnast representant med tilsvarande tilknyting til det organisasjonsledd representasjonen skjer.

(3) Ein representant som er valt eller oppnemnt i strid med regelen bli ikkje sett på som valt eller oppnemnt.

(4) Idrettsstyret [5] kan, når det ligg føre særskilte høve, gje dispensasjon frå denne regelen. Det skal så langt som råd er søkjast om dispensasjon på førehand. Det er berre mogleg å gje dispensasjon for ein valperiode/ oppnemning av gangen.

---

[3] Skikrinstinget kan også vedta å gje talerett til andre personar.
[4] Myndigheit er delegert i høve til NIF sitt delegasjonsreglement.
[5] Myndigheit er delegert i høve til NSF sitt delegasjonsreglement.

## §9 Inhabilitet

(1) Ein tillitsvalt, oppnemnt representant eller tilsett i skikrinsen er inhabil til å leggje til rette grunnlaget for ei avgjerd eller ta avgjersla:

a) når vedkomande sjølv er part i saka,
b) når vedkomande er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søsken,
c) når vedkomande er eller har vore gift med eller er forlova eller sambuar med ein part,
d) når vedkomande er leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret i eit organisasjonsledd eller annan juridisk person som er part i saka.

(2) Vedkomande er og inhabil når andre særskilte høve ligg føre som er eigna til å svekke tilliten til om vedkomande er upartisk; mellom anna skal det leggjast vekt på om avgjerda i saka kan gje særleg fordel, tap eller ulempe for vedkomande sjølv eller nokon som vedkomande har nær personleg tilknyting til. Det skal også leggjast vekt på om inhabilitetsmotsegn er reist av ein part.

(3) Er ein overordna inhabil, kan avgjerd i saka heller ikkje treffast av direkte underordna i skikrinsen

(4) Inhabilitetsreglane skal ikkje nyttast dersom det er innlysande at den tillitsvalte, oppnemnde representanten eller tilsette si tilknyting til saka eller partane ikkje vil kunne påverke vedkomande sitt standpunkt og idrettslege interesser ikkje tilseier at vedkomande bør vike sete.

(5) Med part er det her meint person, medrekna juridisk person, som ei avgjerd rettar seg mot eller som saka elles direkte gjeld.

(6) I styre, komitéar og utval tek organet sjølv avgjerd, utan at vedkomande medlem deltek. Kjem det i ei og same sak opp spørsmål om inhabilitet for fleire medlemer, kan ingen av dei delta ved avgjersla av sin eigen eller eit annan medlem sin habilitet, med mindre organet elles ikkje ville vore vedtaksført i spørsmålet. I sistnemnde tilfelle skal alle møtande medlemer delta. Medlemen skal i god tid seie frå om forhold som gjer eller kan gjere vedkomande inhabil. Før spørsmålet vert avgjort, bør varamedlem eller annan person som kan tre inn i staden for, bli kalla inn til å møte og delta i avgjerda, dersom dette kan gjerast utan vesentleg bruk av tid eller kostnad.

(7) Ved andre tilfelle tek vedkomande sjølv avgjersla om vedkomande er inhabil. Dersom ein part krev det og det kan gjerast utan vesentleg ekstra bruk av tid, eller vedkomande elles finn grunn til det, skal vedkomande sjølv leggje fram spørsmålet for sin næraste overordna til avgjerd.

## §10 Krav til vedtak, fleirtalskrav og protokoll

(1) Når ikkje anna er bestemt, er styre, komitéar og utval i skikrinsen vedtaksføre når eit fleirtal av medlemane er til stades. Vedtak vert fatta med fleirtal av dei gjevne stemmene. Ved likt stemmetal er møteleiar si stemme avgjerande.

(2) Vedtak kan fattast ved skriftleg sakshandsaming[6] eller ved fjernmøte[7]. Ved skriftleg sakshandsaming skal kopiar av dokument i saka sendast samtidig til alle medlemar med forslag til vedtak. Gyldig vedtak krev at fleirtalet av medlemane gjev sin tilslutnad til det framlagde forslaget, og til at dette vert gjort etter skriftleg sakshandsaming. Ved fjernmøte skal alle møtedeltakarane kunne høyre og kommunisere med kvarandre.

(3) Det skal førast protokoll frå styremøta.

---

[6] Til dømes e-post.
[7] Til dømes møte per telefon/ videokonferanse.

## §11 Refusjon av utgifter. Godtgjersle.

(1) Tillitsvalt kan motta refusjon for nødvendige, faktiske utgifter, inkludert tapt arbeidsforteneste, som vedkommande får i samband med utføring av vervet.

(2) Tillitsvalt kan motta ei rimeleg godtgjersle for arbeidet sitt.

(3) Godtgjersle til styret og dagleg leiar skal kome klart fram i vedteke budsjett og rekneskap. Honorar til styret skal gå fram av årsmeldinga.

(4) Skikrinsstyret avgjer kven som får godtgjersle i skikrinsen.

(5) Skikrinsstyret kan nekte å godkjenne beløpet som gjeld godtgjersle for arbeid eller tapt arbeidsforteneste, i den grad beløpet overstig det som i alle tilhøve kan sjåast på som rimeleg.

# III. ØKONOMI

## §12 Rekneskap, revisjon, budsjett mv.

(1) Skikrinsen er rekneskaps- og revisjonspliktig. Rekneskapsåret skal følgje kalendaråret[8].

(2) Dersom skikrinsen har ein årleg omsetnad på mindre enn kr 5 millionar, skal skikrinsen følgje NIF sine rekneskaps- og revisjonsreglar, men kan, etter vedtak av styret, velje å følgje rekneskapslova. Dersom skikrinsen har ein årleg omsetnad på kr 5 millionar eller meir, skal laget følgje rekneskapslova og revisorlova, og skal alltid engasjere statsautorisert/registrert revisor uavhengig av kva som følgjer av desse lovene. Alle organisasjonsledd som har engasjert revisor skal velje ein kontrollkomité med minst to medlemar. Kontrollkomitéen sine oppgåver følgjer av NIF si lov § 2-12.

(3) Bankkonti skal vere knytt til skikrinsen og skal disponerast av to personar i fellesskap. Underslagforsikring skal vere teikna for dei som disponerer.

4) På Skikrinstinget skal det fastsetjast eit budsjett som inneheld alle hovudpostar i resultatrekneskapen. Budsjettet skal vere realistisk, og resultatet skal ikkje vise underskot med mindre det vert dekt av positiv eigenkapital. Det vedteke budsjettet bør kome fram i ei eiga kolonne når årsrekneskapen vert lagt fram. For skikrinsar som ikkje avviklar ordinært ting kvart år, fastset Skikrinsstyret budsjett innanfor ramma av langtidsbudsjettet, og dersom det er føremålstenleg skal desse presenterast på leiarmøte eller tilsvarande i perioden mellom tinga.

(5) Årsrekneskap og årsmelding skal skrivast under av samtlege styremedlemar. Dersom skikrinsen har dagleg leiar skal også vedkomande signere.

(6) Skikrinsen kan ikkje gje lån eller stille garantiar for lån dersom ikkje lånet eller garantien har sikring med trygg pant eller annan fullgod sikring. Tryggleik for lån og garantiar skal opplysast i note til årsoppgjeret. Skikrinsen kan likevel delta i NIF si konsernkontoendring etter søknad frå skikrinsen og avgjersle frå Idrettsstyret.

(7) Disposisjonar, også låneopptak, av ekstraordinær karakter eller vesentleg omfang i høve til skikrinsen sin storleik eller verksemd, kan berre vedtakast av Skikrinstinget.

---

[8] Idrettsstyret kan, når det føreligg særskilte tilhøve, gje dispensasjon til å nytte avvikande rekneskapsår.

## IV. TING, STYRE, FAGLEGE KOMITEAR, UTVAL MV.

### §13 Skikrinstinget

(1) Skikrinstinget er skikrinsen sitt høgste styringsorgan, og skal haldast annan kvart år innan utgangen av mai i år det ikkje vert avvikla Skiting. Skikrinstinget kan med 2/3 fleirtal vedta å halde ting kvar år.

(2) Styret kallar inn til Skikrinsting minst ein månad på førehand direkte til dei idrettslag som har representasjonsrett Innkallinga kan vise til at saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg på skikrinsen si internettside eller på annan forsvarleg måte. I så fall skal det gå fram at dokumenta vil bli gjort tilgjengelege seinast ei veke før Skikrinstinget. Forslag som skal handsamast på Skikrinstinget, må vere sendt til styret seinast to veker før Skikrinstinget. Fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument med forslag til Skikrinstinget må vere gjort tilgjengeleg seinast ei veke før Skikrinstinget.

(3) Ved innkalling i strid med regelen, avgjer Skikrinstinget høvesvis ved godkjenning av innkalling og godkjenning av saklista, om tinget er lovleg innkalla og om det er saker som ikkje kan handsamast.

(4) Skikrinstinget er vedtaksført med det tal godkjente representantar som møter.

(6) På Skikrinstinget kan det ikkje handsamast framlegg om endring i lov eller reglar som ikkje er ført opp på den saklista som er gjort tilgjengeleg eller sendt ut. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei frammøtte med stemmerett på årsmøtet vedtek det, ved godkjenning av saklista.

### §14 Representasjon på Skikrinstinget

(1) På Skikrinstinget møter med stemmerett:

a) Skikrinsen sitt styre.
b) Representantar frå idrettslaga etter følgjande skala

| | |
|---|---|
| Medlemstal inn til 50 | - 2 representantar |
| Medlemstal 51-100 | - 3 representantar |
| Medlemstal 101-200 | - 4 representantar |
| Medlemstal over 100 | - 5 representantar |

(2) Representantane må vere valt på årsmøte i idrettslaget, eller oppnemnt av styret etter fullmakt.

(3) Vidare møter utan stemmerett, men med tale- og forslagsrett i dei saker som ligg innanfor utvalet/ komiteen sine arbeidsområde:

a) Leiarane i faglege utval/ komitear, eventuelt nestleiar eller medlem dersom leiar er forhindra i å møte.
b) Kontrollkomiteen sine medlemer.
c) Valkomiteen sine medlemmer.
d) Revisor.

(4) Representasjon frå idrettslaga vert fastsett av Skikrinstinget etter idrettslaga sine aktivitetstal for ski i høve til den siste tilgjengelege offisielle idrettsregistreringa per 31. desember[9].

(5) Representantane frå idrettslaga må vere valt på årsmøte eller oppnevnt av styret etter fullmakt og meldt skikrinsen seinast ei veke før tinget.

(6) Tilsette i skikrinsen kan møte med talerett i saker som gjeld tilsette sine arbeidsområde.

(7) Ordning med reisefordeling kan nyttast.

---

[9] Dette betyr i praksis at det er idrettsregistreringa per 31. desember to kalendarår før året Skikrinstinget vert avvikla, sidan fristen for idrettsregistreringa er etter at det vert kalla inn til Skikrinsting.

## §15 Leiing av Skikrinstinget

Skikrinstinget vert leia av valt dirigent. Dirigent eller valt referent treng ikkje vere valt/ oppnemnt representant. Det kan veljast fleire dirigentar og referentar.

## §16 Skikrinstinget sine oppgåver

Skikrinstinget skal:

1) Godkjenne dei som har stemmerett.
2) Godkjenne innkallinga, saklista og forretningsorden.
3) Velje dirgent (er), referent/ sekretær, samt to representantar til å skrive under protokollen.
4) Handsame skikrinsen si årsmelding.
5) Handsame skikrinsen sin rekneskap i revidert stand.
6) Handsame forslag og saker[10]
7) Fatsetje kontingent.
8) Handsame skikrinsen sitt budsjett.
9) Gjere følgjande val[11]:
    a) Leiar og nestleiar.
    b) 2 (to) styremedlemer[12] og 2 (to) varamedlemer.
    c) 2 (to) revisorar og 2 (to) vararevisorar.[13]
    d) Leiarar av fagkomiteane i skikrinsen.
    e) Nestleiar og medlemar av fagkomiteane i skikrinsen, alternativt at Skikrinstinget gjev Skikrinsstyret fullmakt til å oppnemne desse.
    f) Representantar til Skiting og Idrettskrinsting eller gje Skikrinsstyret fullmakt til å oppnemne representantane.
    g) Velkomitè med leiar, to medlemer og eitt varamedlem for neste Skikrinsting.
    h) Skikrinsar som i høve til NIF sine rekneskap- og revisjonsreglar er pålagt å engasjere statsautorisert/ registrert revisor, vel kontrollkomitè på 2 (to) medlemer med 2 (to) varamedlemer og engasjerar statsautorisert/registrert revisor til å revidere skikrinsen sin rekneskap.

Leiar og nestleiar vert valde enkeltvis. Dei øvrige medlemane til Skikrinsstyret vert valt samla. Deretter vel ein varamedlemane samla, og ved skriftleg val avgjer ein rekkefølgja i høve til stemmetal.

## §17 Stemmegjeving på Skikrinstinget

(1) Med mindre noko anna er fastlagt i denne lova, skal eit vedtak, for å vere gyldig, vere gjort med vanleg fleirtal av dei avgjevne stemmene. Ingen representant har meir enn ei stemme. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt. Blanke stemmer skal reknast som ikkje avgjevne.

(2) Val skal vere skriftleg dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg eller det vert fremja krav om det. Dersom det skal vere skriftleg val, kan berre føreslegne kandidatar førast opp på stemmesetelen. Stemmesetler som er blanke, eller som inneheld kandidatar som ikkje er føreslegne, eller ikkje har det tal det skal stemmast over, tel ikkje, og stemmene skal reknast som ikkje avgjevne.

(3) Når eit val vert halde enkeltvis og ingen kandidat oppnår meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene, skal det vere omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer. Står nokon likt etter omvalet, vert det avgjort ved loddtrekking.

---

[10] Tinget bør gje styret fullmakt til å oppdatere lova i samsvar med framtidige endringar i NSF si lovnorm for særkrinsar/ regionar.

[11] Dette er minimum av dei tillitsvalde som skal veljast på Skikrinstinget. Skikrinstinget kan i tillegg velje andre tillitsvalde der det er behov. Dette skal i så fall gå fram av den einskilde særkrets si lov.

[12] Tal styremedlemmer vert fastsett ved godkjenning av lova. Styremedlemane kan veljast til spesifikke oppgåver.

[13] Skikrinsar med årleg omsetjing på kr. 5 millioner eller meir pliktar å engasjere revisor, jf. NIF si lov §2-11 og må inna følgjande som nytt pkt. 9: «Engasjere statsautorisert/ registrert revisor til å revidere skikrinsen sin rekneskap». Pkt. 9 skyvast til nytt pkt. 10 og bokstav c) endrast til «Kontollkomitè med minimum to medlemer».

(4) Når fleire skal veljast ved ei røysting, må alle, ha meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene for å vere valt. Dette gjeld ikkje ved val av varamedlem. Om ikkje mange nok kandidatar får dette i første omgang, er det berre dei som har fått meir enn halvparten av stemmene som er valde. Det vert så omval mellom dei kandidatane som står att, og etter denne røystinga er dei valde som har fått flest stemmer. Står nokon likt etter omvalet, vert dette avgjort ved loddtrekking.

### §18 Ekstraordinært Skikrinsting

(1) Ekstraordinært Skikrinsting vert kalla inn av Skikrinstyret minst 14 dagar på førehand etter:

a) Vedtak av Skikrinsstyret
b) Vedtak av Skikrinstinget
c) Vedtak av Skistyret eller ting i overordna organisasjonsledd
d) Skriftleg krav frå 1/4 av idrettslaga i skikrinsen

(2) Ekstraordinært skirkinsting vert kalla inn direkte til representasjonberettiga.

(3) Saklista og andre nødvendige dokument skal følgje vedlagt innkalling eller vere gjort tilgjengeleg på skikrinsen si internettside eller annan forsvarleg måte. I sistnemnte tilfelle skal det gå fram av innkallinga at saksdokumenta er gjort tilgjengeleg på annan måte, og dokumenta skal vere gjort tilgjengelege på innkallingstidspunktet.

(4) Eit ekstraordinært Skikrinsting er vedtaksført med det tal godkjende representantar som møter.

(5) Ekstraordinært Skikrinsting skal berre handsame dei sakene som er med i vedtaket eller i kravet om innkalling av det Skikrinstinget.

(5) Ved innkalling i strid med regelen, avgjer det ekstraordinære tinget høvesvis ved godkjenning av innkalling og godkjenning av saklista, om det ekstraordinære tinget er lovleg kalla inn og om det er saker som ikkje kan handsamast

### §19 Skikrinsen sitt styre

(1) Skikrinsen vert leia og forplikta av styret som er skikrinsen sitt høgste styringsorgan mellom tinga[14.]
Styret består av leiar, nestleiar, minimum 2 (to) styremedlemer med varamedlemer og leiarar i fagkomiteane i krinsen.

(2) Styret skal m.a.:

a) Setje i verk Skikrinstinget og overordna organisasjonsledd sitt regelverk og sine vedtak
b) Sjå til skikrinsen sin daglege administrasjon, representere skikrinsen, og utøve fagleg myndigheit innan skikrinsen sine grenser.
c) Sjå til at skikrinsen sine midlar vert brukt og forvalta på ein forsiktig måte i samsvar med dei vedtak som er fatta på tinget eller av overordna organisasjonsledd, samt syte for at skikrinsen har ei tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen, og har ei forsvarleg økonomistyring.
d) Arrangere eller la andre organisere krinsmeisterskap og andre konkurransar i krinsen, og utarbeide terminlister for dette.
e) Utvikle skikrinsen sin organisasjon og aktvitetstilbod.
f) Oppnemne utval, råd og komitear etter behov, samt utarbeide mandat/ instruks for desse.
g) Sende årsmelding til Skistyret seinast innan 01. juli kvart år.

(3) Styret skal halde møte når leiaren bestemmer det eller minst to av styremedlemane krev det.

[14]Denne høgste myndiheit kan ikkje, heilt eller delvis, delegerast til andre organ/ personar innan skikrinsen, til dømes trenings- og konkurransegrupper på tvers av skikrinsen sine grenser.

(4) Det nye Skikrinsstyret trer i kraft straks etter at Skikrinstinget er avvikla.

(5) Det kan setjast ned eit arbeidsutval til å ta seg av den daglege drifta.

(6) Tilsette i skikrinsen kan møte med tale- og forslagsrett.

**§19 a Skikrinsen sine fagkomitear for alpint, freestyle, hopp, kombinert, langrenn og telemark**

Skigreiner med aktivitet i skikrinsen skal ha fagkomitear. Komiteane er rådgjevande organ ovanfor Skikrinsstyret. Komiteen er utøvande organ i sine greiner innanfor fullmakt og med arbeidsoppgåver fastsett av Skikrinsstyret.

**§19 b Samansetjing av fagkomiteane i skikrinsane**

(1) Krinsen sine fagkomitear består av leiar, nestleiar og minimum 1 (eitt) medlem.

(2) Fagkomiteane sin leiar vert valt på Skikrinstinget. Nestleiar og medlemer veljast på Skikrinstinget, eller vert oppnemnt av Skikrinsstyret etter fullmakt frå Skikrinstinget.

**§19 c Fagkomiteane sine oppgåver i skikrinsane**

(1) Skikrinsen sine fagkomitear rapporterar til Skikrinsstyret.

(2) Komiteane sin hovudoppgåver er mellom anna:

a) Rekruttering, breidde-, utvikling- og utdanningsarbeid i respektive greiner innanfor skikrinsen.
b) Topp- og elitearbeid i respektive greiner innanfor skikrinsen

(3) Komiteen sine øvrige oppgåver er m.a.:

c) Utarbeide forslag til handlingsplan og budsjett som godkjennast av Skikrinsstyret, og føre løpande kontroll med forbruk av dei midlar Skikrinsstyret har godkjent.
d) Setje i verk nødvendige korrigeringar av verksemda i høve til rekneskapsrapportar.
e) Legge fram handlingsplan og budsjett for fagmøtet.
f) Samordne terminlista innanfor skikrinsen i respektiv grein.
g) Ta ut løparar til represenasjonsoppgåver.
h) Ta ut leiarar til representasjonsoppgåver.
i) Sjå til utdanningsverksemda i respektiv grein.
j) Komme med forslag til Skikrinsstyret til instruksar for trenarar og leiarar.
k) Komme med forslag for Skikrinsstyret om arrangør av krinsmeisterskapen.
l) Komme med forslag om teknisk delegerte (NSF/TD) og dommarar i samsvar med gjeldande rennreglement, samt eventuelt komiteen sin representant til renn utvalt av komiteane.
m) Vurdere å komme med forslag til Skikrinsstyret om tiltak som kan bidra til å fremme respektive greiner, også anleggsprosjekt.
n) Legge fram rekneskap og årsmelding til Skikrinsstyret innan fastsette fristar.
o) Handsame andre spørsmål som Skikrinsstyret pålegg komiteen.

(4) Tilsette i skikrinsen kan møte i fagkomiteane med tale- og forslagsrett.

**§19 d Fagmøter i skikrinsane sine fagkomitear**

(1) Fagmøtet er rådgjevande organ for Skikrinstinget, Skikrinsstyret og fagkomiteen i krinsen i respektiv grein innanfor komiteen si oppgåve- og myndigheitsområde.

a) Det skal avviklast fagmøter kvart år innan utgangen av mai og elles ved behov.
b) Fagmøtet uttalar seg om komiteen si verksemd, økonomi, planar for anlegg, kurs, trening- og rennaktivitet.
c) Fagmøta legg fram for valkomiteen forslag til kandidatar som komiteen sin leiar, nestleiar og medlemer.
d) På fagmøta møter med stemme- og forslagsrett medlemmane av fagkomiteen i respektiv grein og minst ein representant for kvart idrettslag med aktivitet i greina. Tal representantar frå idrettslaga vert fastsett av Skikrinstinget.

(2) Noverande ordning med representasjon vert vidareført automatisk ved første fagmøte etter at denne lov er vedtatt. Ved samanslåing av skikrinsar vert representasjonen fastsett av dei aktuelle skikrinsane.

(3) Representasjon frå idrettslaga vert fastsett av Skikrinstinget etter idrettslaga sine aktivitetstal for respektiv grein i høve til idrettsregistreringa same år som fagmøtet.

(4) På fagmøtet kan trenarar, dommarar, teknisk delegerte og andre som utøver organisert aktivitet i greina møte med tale- og forslagsrett.

(5) Ordning med reisefordeling kan nyttast.

### §20 Andre utval og komitear

(1) Kontrollkomitè
Kontrollkomiteen skal arbeide i høve til NIF si lov §2-12. Kontrollkomiteen sine pliktar er nærare beskrive i desse reglane. Dette gjeld kun for dei skikrinsar som har statsautorisert/ registrert revisor.

(2) Valkomitè
Valkomiteen veljast av Skikrinstinget på fritt grunnlag, etter innstilling frå Skikrinsstyret, og skal legge fram innstilling på kandidatar til alle øvrige tillitsverv som skal veljast på skikrinstinget. Medlem av valkomité som sjølv vert kandidat til verv, pliktar å tre ut av valkomieen.

(3) Anleggsutval
Anleggsutval med det tal medlemer som Skikrinsstyret avgjer.

## V. ANDRE REGLAR

### §21 Allmenne disiplinærtiltak, sanksjonar etter NSF sitt fellesreglement og rennreglement, straffesaker og dopingsaker

For allmenne disiplinærtiltak, sanksjonar etter NSF sitt fellesreglement og rennreglement, straffesaker og dopingsaker gjeld NIF si lov kapittel 11 og 12.

### §22 Avtalar og samarbeid mellom skikrinsen og næringslivet

Avtalar og samarbeid mellom skikrinsen og næringslivet vert regulert i NIF si lov kapittel 13.

### §23 Idretten sine rettigheiter til marked-, medie-, og arrangement

Rettigheitene knytt til marked-, medie-, og arrangement vert regulert i NIF si lova kapittel 14.

### §24 Reglar om konkurranseforbod

Idrettsstyret og Skistyret kan nekte organisasjonsledd og medlem av organisasjonsledd tilslutta NIF rett til å utøve eller til å medverke i konkurrerande verksemd gjennom deltaking, medlemskap, eller samarbeid med andre rettssubjekt. Nektelse krev sakleg årsak.

## §25 Lovendring

(1) Lovendring kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært Skikrinsting etter å ha vore ført opp på saklista, og krev 2/3 fleirtal av stemmene.

(2) Lovendringar som følgje av endringar i NIF si lov, trer i kraft straks. Lovendringar som vert vedteke av skikrinsen sjølv trer ikkje i kraft før dei er godkjent av Skistyret. Godkjenninga er avgrensa til reglar som NIF og NSF si lov omfattar.

(3) I samband med godkjenning kan Skistyret pålegge nødvendige endringar for å unngå motstrid i høve til NIF og NSF sitt regelverk.

(4) Skikrinsen kan ikkje vedta endringar i §25 og 26, med mindre endringane følgjer NIF og NSF sitt regelverk eller lovnorm.

## §26 Nedlegging - samanslåing

(1) Skikrinsen kan kun leggast ned av NSF.

(2) NSF har myndigheit til å føreta samanslåing av skikrinsar. Samanslåing reknar ein ikkje som nedlegging.

(3) Ved nedlegging eller anna opphøyr av skikrinsen går skikrinsen sine overskytande midlar etter avvikling til eit føremål godkjent av NSF.